



Universitetet
i Stavanger

Sikkerheit og beredskap på gardsbruket

Av:

Karen Haaland

Master i samfunnssikkerheit

Juni 2017

Universitetet i Stavanger

**MASTERGRADSSTUDIUM I
SAMFUNNSSIKKERHET**

MASTEROPPGAVE

SEMESTER:

Våren 2017

FORFATTER:

Karen Haaland

VEILEDER:

Marianne Nitter

TITTEL PÅ MASTEROPPGAVE:

Sikkerheit og beredskap på gardsbruket

EMNEORD/STIKKORD:

Sikkerheit i landbruket, risikovurdering, risikopersepsjon, bonde, beredskap på gard, beredskapsplan, DagROS

SIDETALL: 90 sider (83 sider utan vedlegg)

STAVANGER14. Juni 2017.....

DATO/ÅR

Samandrag

Ei av dei mest ulykkesutsette næringane i Noreg er landbruket. Å væra bonde kan derfor væra farlegare enn andre yrke. Bonden er sjølvstendig næringsdrivande, og er ofte aleine om å drive garden. Sikkerheit og beredskap er derfor ikkje det same som i andre næringar, og bonden er sjølv ansvarleg for sikkerheita til alle på garden. Lite forskning på dette tidlegare har ført til eit auka behov for meir kunnskap om korleis ein kan forbetra sikkerheita. I dei seinare åra har det komme fleire forskingsprosjekt som har undersøkt denne tematikken. Ei betre forståing av bøndenes haldningar, er eit viktig grunnlag for å utbetra sikkerheit og beredskap på norske gardsbruk. Med eit samfunnssikkerheits perspektiv har dette leda til prosjektets problemstilling;

Korleis opplev bonden sikkerheit og risiko, og korleis påverkar dette beredskapen på garden?

For å undersøka denne problemstillinga blei det gjennomført uformelle intervju med bønder og ein HMS-rådgjever, i tillegg til analyse av relevante dokument. Innsamla data blei brukt til å belysa problemstillinga gjennom tre forskingsspørsmål. Det første handlar om kva utfordringar bøndene opplev med sikkerheit. I prosjektet har det blitt identifisert to hovudutfordringar; dokumentering og sikkerheitstiltak. Desse har utmerka seg som utfordrande blant anna fordi dei ikkje alltid opplevast å passa inn i det praktiske arbeidet, og derfor blir ofte spesielt dokumentering nedprioritert. Det andre forskingsspørsmålet handlar om kva som kan påverke bøndenes oppleving av risiko og korleis dei vurderer risikoen. Opplevinga har vist seg å kunna bli påverka av faktorar som barn, erfaring, media og sjølve kjelda til risiko. Saman med utfordringane har dette vidare noko å seie for korleis dei vurderer risiko. Det som for nokon kan væra ein akseptabel risiko, vil for andre kunna være uakseptabelt. I resultata ser ein også at ofte skjer risikovurderingane i praksis, og spesielt i farlege arbeidsoppgåver. Det tredje forskingsspørsmålet handlar om kva beredskap er for bøndene. Orden på garden, det å væra tilgjengeleg og å tenka igjennom på førehand kva ein kan gjer i ulike situasjonar, har vist seg å væra viktig. For bøndene er også det å ha ein beredskapsplakat hengande i driftsbygningane, ein stor del av beredskapsplanen. Desse forskingsspørsmåla har vist at haldningane og opplevingane kan påverka beredskapen på garden i form av kva bøndene har beredskap for, samt graden av fokus og prioritet beredskapsarbeidet får.

Forord

Med dette prosjektet avsluttast to spanande og lærerike år på masterstudiet i samfunnssikkerheit. Eg tek med meg vidare mykje ny kunnskap, og vil takka alle dei dyktige forelesarane me har hatt. Arbeidet med masteroppgåva har vore ei spanande tid, og det var spesielt kjekt å kombinera samfunnssikkerheit med interessa for landbruket.

Ein stor takk går til Marianne Nitter for rettleiing og hjelp med alle spørsmål som har dukka opp undervegs.

Ønsker å takka alle bøndene og HMS-rådgjevar som var så greie å stilla til intervju. Oppgåva mi hadde ikkje blitt den same utan. Det rettes også ein stor takk til representant i Norges Bondelag for gode tips og hjelp med å sirkla inn tema og problemstilling i oppstarten på prosjektet.

Sist men ikkje minst, takk til Britt Silje og Samira som ville ta seg tid med å lesa korrektur på oppgåva, det settes uendeleg stor pris på.

Stavanger, juni 2017

Karen Haaland

Innholdsliste

| | |
|--|-----|
| Samandrag..... | ii |
| Forord..... | iii |
| Liste over figurar og tabellar..... | vi |
| Forkortingar | vi |
| 1.0 Innleiing | 1 |
| 1.1 Bakgrunn for val av tema | 1 |
| 1.1.1 Relevant forskning..... | 2 |
| 1.1.2 Formålet med prosjektet | 3 |
| 1.2 Problemstilling og forskings spørsmål | 4 |
| 1.3 Kontekst | 4 |
| 1.4 Avgrensingar og oppgåvas struktur..... | 8 |
| 2.0 Teori | 10 |
| 2.1 Sikkerheit | 10 |
| 2.1.1 “Safety and security” | 10 |
| 2.1.2 Ei tilnærming til sikkerheitsdilemma | 10 |
| 2.2 Risiko | 13 |
| 2.2.1 Risikopersepsjon..... | 13 |
| 2.2.2 Risikovurdering | 16 |
| 2.3 Beredskap | 19 |
| 2.3.1 Beredskapsarbeid..... | 19 |
| 2.3.2 Beredskapsplan | 20 |
| 3.0 Metode | 22 |
| 3.1 Forskingsstrategi | 22 |
| 3.2 Datainnsamling..... | 23 |
| 3.2.1 Uformelle intervju | 23 |
| 3.2.2 Dokumentanalyse | 27 |
| 3.2.3 Datareduksjon | 28 |
| 3.3 Forskingsetikk | 29 |
| 3.4 Forskingsoppleggets kvalitet..... | 30 |

| | |
|--|-----------|
| 3.4.1 Validitet | 31 |
| 3.4.2 Reliabilitet | 33 |
| 4.0 Empiri | 34 |
| 4.1 Sikkerheit | 34 |
| 4.1.1 Empiri frå respondentane..... | 34 |
| 4.1.2 Empiri frå informant og dokument..... | 37 |
| 4.2 Risikopersepsjon og risikovurdering..... | 39 |
| 4.2.1 Empiri frå respondentane..... | 39 |
| 4.2.2 Empiri informant og dokument | 43 |
| 4.3 Beredskaps arbeid | 44 |
| 4.3.1 Empiri frå respondentane..... | 44 |
| 4.3.2 Empiri frå informant og dokument..... | 48 |
| 5.0 Analyse..... | 51 |
| 5.1 Kva utfordringar opplev bøndene med sikkerheit?..... | 51 |
| 5.2 Kva kan påverke opplevinga av risiko, og korleis vurderer bøndene risiko? | 55 |
| 5.2.1 Risikopersepsjon..... | 55 |
| 5.2.2 Risikovurdering | 59 |
| 5.3 Kva er beredskap for bøndene?..... | 64 |
| 5.4 Korleis opplev bonden sikkerheit og risiko, og korleis påverkar dette beredskapen på garden? | 68 |
| 5.4.1 Konklusjon..... | 72 |
| 6.0 Referanseliste..... | 73 |
| 7.0 Vedlegg..... | 78 |
| Vedlegg A: Intervjuguide respondentar | 78 |
| Vedlegg B: Intervjuguide HMS- rådgjevar..... | 80 |
| Vedlegg C: KSL, Utarbeiding av beredskapsplan | 81 |
| Vedlegg D: KSL, Beredskapsplakat..... | 83 |
| Vedlegg E: KSL, Skjema for risikoanalyse arbeidsoppgåver | 84 |

Liste over figurar og tabellar

| | | |
|----------|---|------|
| Figur 1 | Skisse av systemet rundt bonden, laga av Karen Haaland, modifisert etter figur i Follo et al. (2016, s.36). | s.5 |
| Figur 2a | Skisse av forholdet mellom produksjon og sikkerheit (Reason, 1997, s.4) | s.12 |
| Figur 2b | Livsløpet til ein hypotetisk organisasjon (Reason, 1997, s.5) | s.12 |
| Figur 3 | Akseptabel, tolererbar og utolererbar risiko (Renn, 2008, s.150) | s.17 |
| Figur 4 | Kjenneteikn for ein god beredskapsplan | s.21 |
| Figur 5 | Faktorar som kan påverke risikopersepsjonen ved handtering av dyr | s.59 |
| Figur 6 | Oppsummerande modell av forskningsspørsmåla. | s.69 |
| | | |
| Tabell 1 | Oversikt over utval til intervju | s.26 |
| Tabell 2 | Oversikt over utval av dokumenter | s.28 |
| Tabell 3 | Døme på farlege arbeidsoppgåver og korleis respondentane tilpassar seg | s.43 |
| Tabell 4 | Respondentane sine forslag til korleis ein kan få meir fokus på beredskap | s.48 |
| Tabell 5 | DagROS-analyse for klipping av ammekyr | s.63 |

Forkortingar

HMS – Helse, Miljø og Sikkerheit

KSL – Kvalitetssystem i Landbruket

SMB – Små og Mellomstore Bedrifter

NLR – Norsk Landbruksrådgivning

ROS – Risiko- og sårbarheitsanalyse

DagROS – Dagleg risiko- og sårbarheitsanalyse

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

Bondeyrket er eit av dei eldste i verda og er viktig for å sikra produksjon av mat. Utan bonden ville me vore avhengige av å importera all mat, noko som ville gjort oss svært sårbare. Ein kan seie at bøndene er ein av dei viktigaste byggjeklossane i samfunnet. “Berre tre prosent av norske arbeidstakarar jobbar i landbruket. Likevel skjer ein firedel av alle dødsulykker i norsk arbeidsliv nettopp i dette yrket” (Lusæter & Sponberg, 2016). Dette gjer bondeyrket til eit av dei farlegaste yrkene i Noreg, og sikkerheit er derfor viktig. Som sjølvstendig næringsdrivande er det bonden sjølv som er ansvarleg for å følgja opp Helse, Miljø og Sikkerheit (HMS), og ha nødvendige tiltak slik at sikkerheita og helsa til bonden, tilsette, familie og besøkande blir ivaretatt. Dette gjerast blant anna gjennom å “sørge for at det innførast og utøvast internkontroll i verksemda” (Internkontrollforskriften, 1996, §4). Fokuset på sikkerheita ved gardsbruka har blitt større i løpet av åra. I 2014 kom den nye HMS-standarden til Kvalitetssystemet i Landbruket (KSL) som ein obligatorisk del av eigenrevisjonen. Dette gjer det enklare for bonden å følgja opp sin eigen internkontroll for HMS (Witsø, 2014). Bondens arbeidsdag er prega av lange dagar, mykje jobbing aleine og dei har som regel lite fritid. Fleire jobbar også i helger og det er ikkje alltid like lett å reise på ferie. I ei spørjeundersøking fekk bøndene spørsmål om kor ofte dei opplev at dei har så mykje å gjera at arbeidssituasjonen blir oppjaga og masete (Storstad, Holte & Aas, 2013, s.48). Her svara 70 prosent at dei i periodar opplev dette, men ikkje dagleg. Derfor kan også stress i periodar prega bonden.

Noko av det som har bidrege til bakgrunnen for val av tema i prosjektet er personleg interesse. Som odelsjente og oppvaksen på gard får ein sjå på nær hand kor viktig det er med eit større fokus på sikkerheit i landbruket. I oppstarten av prosjektet var også ein telefonsamtale med Norges Bondelag noko som bidrog til interessa for å undersøka beredskap på garden nærmare. Vidare har tidlegare forskning av sikkerheit i landbruket, vært medverkande for val av tema.

1.1.1 Relevant forskning

Dei siste tjue åra har det blitt forska lite på helse, miljø og sikkerheit i landbruket generelt eller ulykker spesielt (Landbruksdirektoratet, u.å.,a). I dei seinare åra har forskning på området auka noko, og i 2010-2011 blei det gjennomført ei undersøking i Trøndelag, “Skadefri bonde” (Aas et al., 2011). Det blei også i 2010 satt i gang eit større forskingsprosjekt på landsbasis med kortnamnet “Ulykker i landbruket” som har føregått frå 2011 til 2015 (Follo et al., 2016).

Landbruket er ei av dei mest ulykkesutsette næringane i Noreg, talet på dødsfall har over tid hatt svingingar, men trenden er at det har gått ned. Det er likevel “risikofylt å væra bonde, bonden jobbar mykje aleine og bekymrar seg over dei politiske rammebetingelsane” (Follo et al., 2016, s.8).

I landbruket er talet på personskadar mykje høgare enn det ein kan sjå i den offisielle statistikken (Aas et al., 2011, s.5). Kvart år opplev 16 prosent av bøndene minst ei nesten-ulykke og 6 prosent av bøndene opplev minst ei ulykke som førar til personskade (Storstad et al., 2013, s.11). Når det gjeld tidspunkt og årsak for ulykker, kan ein sjå at dei fleste ulykkene skjer frå juni til oktober, og ofte i driftsbygningane. Årsakene til ulykker utmerker seg med flytting av dyr og handtering av traktor og andre maskinar. Bøndene meiner at hovudårsaka til at ulykkene skjer er uoppmerksomheit og hastverk (Aas et al., 2011, s.5; Storstad et al., 2013, s.74-75).

“Det er grunn til å tru at landbruket er ein av dei næringane der underrapportering er størst” (Follo et al., 2016, s.10). Dødsulykker er det tal på, men ulykker som har ført til personskadar er vanskelegare å innhenta tal på. Bonden er som arbeidsgjevar plikta til å melde frå om alvorlege skadar som er påført tilsette, men for eigen person eller andre enn dei tilsette er det ingen slik rapporteringsplikt (Follo et al., 2016, s.10). Det finnes skaderegister i Noreg der ein kan få informasjon om skader i landbruket, til dømes vil dei som oppsøker legevakt eller akuttmottak bli registrert i Norsk pasientregister. I tillegg har det blitt starta registrering gjennom KSL.

Når det gjeld HMS, er det ikkje vanleg at bønder snakkar om dette i kvardagssamtalar seg i mellom. Mange gonger er det utfordrande for bonden å forstå at “HMS-system” kan gjerast enkelt og koplast til praksis (Follo et al., 2016, s.39). I prosjektet “ulykker i landbruket” ser dei at det er eit skilje mellom dokumentert og praktisert HMS. Av bøndene er det “under halvparten

som oppgjer at dei jobbar systematisk med HMS” (Storstad et al., 2013, s.76). Bønder tenkjer meir sikkerheit i praksis enn at dei følger opp dokumentasjon, og 41 prosent av bøndene meiner at HMS berre handlar om dokumentasjon (Follo et al., 2016, s.39). Prosjektet som resulterte i “Skadefri bonde” viste også at det er behov for større fokus på HMS i landbruket, at det er viktig med gode haldningar hjå bonden, samt at myndigheit, bransjeorganisasjonar og fagorganisasjonar bør leda ann for HMS-arbeid på gardsbruket (Aas et al., 2011, s.6).

Eit vesentleg aspekt ved bondens liv er at dei må leva med, og kunna handtera det som ikkje kan føreseiast (Follo et al., 2016, s.21). Bøndene iverksett fysiske tiltak på garden som til dømes å leggja lokk på kummar eller gjerda inn farlege område. Tiltaka har likevel ein føresetnad, dei må fungera i det praktiske og i kvardagen til bonden (Follo et al., 2016, s.21). Både “Skadefri bonde” og “Ulykker i landbruket”, legg fram forslag til tiltak som kan bidra til å redusera ulykkesrisikoen, og betra sikkerheita. Nokre av desse er å arbeida med å få HMS som eit fag i utdanninga til dei som designar driftsbygningar, eller å utarbeida ein “vær varsam” plakat med handlingsregler for bønder, som kan henga i driftsbygningar, verkstad, eller limast fast i traktoren (Follo et al., 2016, s.45). Eller det kan vera å installera fanghekkar og drivgangar i fjøset, innføra obligatorisk HMS-rådgjeving og gjennomføra annonsekampanjar (Aas et al., 2011, s.43-44).

1.1.2 Formålet med prosjektet

Det som har blitt nemnt så langt har bidrege til val av tema for prosjektet. Hensikta med dette prosjektet er ikkje å koma med konkrete tiltak som kan forbetra sikkerheita og beredskapen på garden. Her vil hensikta vere å undersøka haldningane til bøndene, gjennom å sjå på korleis dei opplev sikkerheit og risiko og kva det kan ha å seie for beredskapen dei har på garden. Kunnskap om dette kan gje meir innsikt i utfordringane og kvifor det opplevast slik det gjer. Bøndene står i sentrum av arbeidet med sikkerheita på norske gardar og ei forståing av deira haldningar ovanfor temaet vil vera eit viktig grunnlag for utbetring av sikkerheit og beredskap i landbruket.

1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål

Med bakgrunn i dette temaet, og med ønsket om å gå nærmare inn på bonden sjølv og undersøka haldningar, og kva deira eigne opplevingar om sikkerheit og risiko på garden vil ha å seie spesielt for beredskapen, er problemstillinga;

Korleis opplev bonden sikkerheit og risiko, og korleis påverkar dette beredskapen på garden?


For å undersøka denne problemstillinga har det vore hensiktsmessig å sjå nærmare på tre forskingsspørsmål for å gjer det lettare å belysa opplevingane bøndene har;

- Kva utfordringar opplev bøndene med sikkerheit?
- Kva kan påverke opplevinga av risiko og korleis vurderer bøndene risiko?
- Kva er beredskap for bøndene?

1.3 Kontekst

Gardsbruk i Noreg er som oftast eid og drivne av ein bonde som i mange tilfelle er aleine med ansvaret, og som har personleg kunnskap og erfaring med det han eller ho driv med. Ein kan også sjå at på mange gardsbruk er det familien og avløysarar som hjelper bonden. Slik sett er det snakk om ein liten organisasjon, der bonden er dagleg leiar og eventuelt har ansvar for sine tilsette. (Follo et al., 2016, s.35-36). Små og Mellomstore Bedrifter (SMB) omfattar føretak med under 100 tilsette (Nærings- og handelsdepartementet, 2012). Landbruket er ein av primærnæringane i Noreg og gardsbruket som bedrift kan reknast som ein SMB. Legg, Olsen, Laird og Hasle (2015) beskriv SMB som eit føretak som blir drive av ein eigar, som ofte manglar formell dokumentasjon, men innehar personleg kunnskap og ekspertise. I små SMB'ar er ofte dei tilsette familie, vennar eller deltidsarbeidarar (Legg et al., 2015, s.191).

Bonden har mykje å forhalda seg til i gardsdrifta og inngår i eit større system. Skissa under viser eit døme på dette systemet og noko av dei ytre og indre forholda som kan påverke drifta. Det må nemnast at skissa er meint å gje eit bilete på den større konteksten og er ikkje ei nøyaktig beskriving av systemet.



Figur 1: Skisse av systemet rundt bonden, laga av Karen Haaland, modifisert etter figur i Follo et al. (2016, s.36).

På sjølve gardsbruket til bonden har ein dei indre forholda i systemet, desse er individ, teknologi, fysiske forhold, arbeidsoppgåver, og organisasjon. Døme på kva som inngår i desse kan ein sjå i figur 1. Det er bonden som eig, drifter og er dagleg leiar på garden. Dette inneber at bonden er ansvarleg for alt. Sidan bøndene sjølv avgjer kva dei vil driva med, vil gardsdrifta væra ulik for bøndene. Noko som medfører at ingen vil ha den same arbeidsdagen, eller dei same arbeidsoppgåvene. Alle forholda i figuren heng nært saman, og endrast noko vil det ha påverknad på resten av systemet. Til dømes kan installering av mjølkerobot påverka resten av systemet med at dei fysiske forholda må endrast fordi ein kanskje treng eit nytt og større fjøs, då går ein gjerne frå båsdrift til lausdrift. Ein mjølkerobot vil påverka arbeidsoppgåvene ved at det blir meir arbeid på data og mindre arbeid med sjølve mjølkinga. Dette vil også gjera at arbeidstida blir endra. Ein vil få meir tid til andre ting ved at ein ikkje er bunden til faste mjølketider, og arbeidet må organiserast på ein annan måte. Alt dette vil ha mykje å seie for

individuet; kvardagen kan bli lettare, det blir mindre fysisk arbeid, men det kan også krevja meir opplæring av avløyssarar og andre tilsette. Ein må ta omsyn til at slike endringar i systemet vil påverke sikkerheit og risiko for ulykker. Ved å gå frå båsdrift til lausdrift, vil handteringa av dyra gå føre seg på ein annan måte, og ein vil ha andre arbeidsoppgåver og maskinar ein må forhalda seg til. Då er det viktig å tenka igjennom sikkerheita, korleis risikoen vil endra seg, og justera beredskapsplanane.

Den andre delen av systemet er dei ytre forholda. Her er forhold som kan påverka både kvarandre og det som skjer på gardsbruket. Viktigaste myndigheit er Landbruks- og Matdepartementet. Underlagt dei kjem blant anna Landbruksdirektoratet, Mattilsynet og Matmerk som driv KSL. Landbruksdirektoratet verkeleggjer mat- og landbrukspolitikken og driv blant anna med “brukarretta og effektiv forvaltning av tilskotsordningar (...) i tillegg til kontroll og dokumentasjon” (Landbruksdirektoratet, 2017). Matmerk “er ein uavhengig stiftelse som skal bidra til auka mangfald, kvalitet og verdiskaping i norsk matproduksjon” (Matmerk, u.å). Dei har blant anna ansvaret for Kvalitetssystemet i Landbruket (KSL). Dette er eit system “som dokumenterer at norsk landbruk drives etter lovar og reglar, og som legg grunnlag for matsikkerheit, dyrevelferd og kvalitet i norsk matproduksjon” (Matmerk, u.å). For bonden er det eit krav å ha KSL, og ein gong i året skal bonden gjennomføra ein eigenrevisjon på garden der ein går igjennom KSL standarden. Denne består av 13 standardar som er bygga opp av sjekklister og rettleiarar, deriblant HMS-standarden. Bonden må også forhalda seg til ulike tilsyn, desse er mattilsynet, arbeidstilsynet, branntilsynet og el-tilsynet.

Medlemsorganisasjonane er organisasjonar som bonden kan vera medlem i og som kan bidra til ulike fordelar, samt rådgjeving. Det finnes fleire ulike organisasjonar. Her nemnes Norges Bondelag og Norsk Landbruksrådgivning (NLR) sidan desse er sentrale i dette prosjektet. Norsk Landbruksrådgivning er ein organisasjon som er eit “bindeledd mellom forskning og landbruket, og innhentar, utviklar og samordnar kunnskap som rådgjevarar formidlar til næringsutøvarar i landbruket” (Norsk Landbruksrådgivning, 2017). I 2014 blei også Landbrukets HMS-teneste, som jobbar med å gjera landbruket tryggare, ein del av NLR. Deira mål “er å bidra til færre ulykker og yrkeslidingar i landbruket, og gjennom det sikre trivsel, kvalitet og lønnsemd i

næringa” (Thorud, 2017). Dei tilbyr blant anna HMS-besøk på gardsbruket, ulike kurs, og helsesjekk hjå bedriftshelsetenesta.

Norges Bondelag er den største organisasjonen for bøndene i Noreg og har ulike tilbod til medlemmane både nasjonalt og gjennom fylkeslaga og lokallaga. Dei jobbar “for å betra vilkåra for landbruket og gjera landbrukets betydning i samfunnet synleg” (Norges Bondelag, u.å.,a). Blant anna har dei starta prosjektet “Tryggare saman”, som har vore noko av fokuset i byrjinga av dette prosjektet. Prosjektet er delt opp i fire samlingar der ein kan invitera ulike forelesarar, og har som mål å samla kunnskap om korleis ein kan bli tryggare saman (Bartnes, u.å.). Prosjektet har samla kunnskapsmaterieil om ulike krisehendingar og konsekvensane desse kan ha. Materialet kan brukast av lokallaga til samlingar med bøndene. Første samling handlar om beredskap i Noreg generelt, der foredragshaldarar kan fortelja korleis myndigheitene jobbar med beredskap (Norges Bondelag, u.å.,b). Andre samling handlar om kva som kan skje. Då går ein djupare inn på eit eller fleire tema som er aktuelle for eige distrikt, til dømes flaum, uvær, brann, ulykke, smitte, og atomberedskap. Saman kan dei diskutera utfordringar og erfaringar som kan gje lærdom til ein neste beredskapssituasjon. Tredje samling handlar om korleis ein skal forbereda seg. Ein beredskapsplan treng ikkje vera komplisert, og det kan vera verdifullt å veta korleis ein skal opptre og kva ein kan gjera når ulykka inntreff. Fjerde og siste samling handlar om korleis ein kan støtta og hjelpa menneske som er i sårbare situasjonar (Norges Bondelag, u.å.,b). “Tryggare saman” har køyrt ein pilot i ulike delar av landet, deriblant på Jæren.

Landbrukssamvirket (sjå figur 1) er dei økonomiske organisasjonane til landbruket og består av salgssamvirket, innkjøpssamvirket, avlssamvirket og bank- og forsikringssamvirket (Store norske leksikon, 2015). Ofte vil eit gardsbruk vera medlem i ein eller fleire av desse organisasjonane, noko som medfører ein rett og plikt til å levera til eller kjøpa frå organisasjonane (Store norske leksikon, 2015). I salgssamvirket finn ein organisasjonar som til dømes Tine-gruppa og Nortura SA. Innkjøpssamvirket er Norske felleskjøp, og i avlssamvirket har ein Geno SA og Norsvin. I Bank- og forsikringssamvirket er Landkreditt SA og Gjensidige forsikring.

Figur 1 illustrerer at systemet rundt bonden er omfattande og visar noko av det bonden må forhalda seg til. Pilene i figuren visar korleis alt heng saman og påverkar kvarandre, både forholda på garden og dei ytre forholda. Myndigheitene styrar blant anna lovar og reglar som bonden må retta seg etter, landbrukssamvirket regulerer marknaden, og i tillegg har ein været som ein faktor. Alt dette påverkar drifta og produksjonen på garden.

1.4 Avgrensingar og oppgåvas struktur

I prosjektet har tanken vært å gå djupare inn i fenomen, i staden for å sjå på dei meir generelle tendensane. Det har derfor vore nødvendig å gjera avgrensingar spesielt ved datainnsamling. Kva dette kan ha å seie for prosjektet vil bli nærmare diskutert i kapittel 3.4

Prosjektet har ei geografisk avgrensing. Området som er fokus for denne oppgåva er Rogaland, og meir spesifikt fleire av kommunane på Jæren/Nord-Jæren. Dette har blitt gjort dels på grunn av tidsramma og omfanget på prosjektet, men hovudsakleg fordi Rogaland er eit av dei største jordbruksområda i Noreg (Landbruksdirektoratet, u.å.,b). Landbruket på Jæren har eit stort husdyrhold, samt avling og avkastning per dyr er generelt høgare enn andre delar av landet (Thorsnæs, 2014). Derfor er Jæren/Nord-Jæren eit område som er aktuelt å fokusera på i eit prosjekt som dette.

Det er også gjort ei avgrensing i forbindelse med utval av bønder. Fokuset for oppgåva er på produksjonar som driv husdyrhald, og då spesielt mjølkeproduksjon og/eller produksjon av gris. Fleire av bøndene har også sau i tillegg til dette. Denne avgrensinga har blitt gjort fordi dette er dei produksjonane der det skjer flest arbeidsulykker, i følge tidlegare forskning. Dermed vil dei ha ein større risiko for uønskte hendingar. At Jæren/Nord-Jæren også er eit område i Noreg med stort husdyrhold har noko å seie for denne avgrensinga. Mjølkekyr og gris, samt sau er dei vanlegaste produksjonane i Rogaland (Landbruksdirektoratet, u.å.,c).

Dette er val som har blitt tatt bevisst i avgrensinga av tema for prosjektet. Ei avgrensing som har blitt valt delvis bevisst og delvis fordi den har falt meir naturleg på grunn av problemstillinga, er retta mot bonden. At fokuset er på bøndene sjølv og ikkje tilsette eller familie, er fordi det er

bøndene som er ansvarlege for drifta og det som har med sikkerheit å gjera. Vidare vil det være dei som derfor har mest innsikt i dette. Ei anna avgrensing som ligg i problemstillinga er at det er sjølve garden som er i fokus og ikkje landbruksverksemd utanfor gardsbruket.

Oppgåvas struktur

Oppgåva fyljer i hovudsak strukturen i dei tre kategoriane sikkerheit, risiko og beredskap som utgjør problemstillinga. Kapittel to presenterer teori som skal bidra til å svara på forskingsspørsmåla og problemstillinga. I neste kapittel vil metodane for innsamling av data bli gjort greie for, og det vil bli drøfta kva desse vala kan ha hatt å seie for prosjektet og resultata. Kapittel fire presenterer resultata frå undersøkinga som i kapittel fem blir brukt saman med teori til å drøfta kvart av forskingsspørsmåla og til slutt problemstillinga. Avslutningsvis trekkast ein konklusjon til problemstillinga og forslag til vidare forskning føreslåast.

2.0 Teori

Problemstillinga i prosjektet har tre store tema; sikkerheit, risiko og beredskap. I dette kapittelet presenterast teori om dette som kan knytast opp til dei ulike forskingsspørsmåla og data som har blitt samla under prosjektet. Med ei tilnærming til sikkerheitsdilemma belysast utfordringane med sikkerheitsarbeidet. Vidare blir teori om risikopersepsjon og risikovurdering blitt brukt for å sjå nærmare på kva som kan påverke opplevinga av risiko og risikovurderinga til bøndene. Til slutt presenterast noko teori om beredskap som brukast i drøftinga om beredskapen til bøndene.

2.1 Sikkerheit

2.1.1 “Safety and security”


Sikkerheit er eit ord som kan ha vid betydning, og ein kan snakka om sikkerheit som ein tilstand eller som ei kjensle (Engen et al., 2016, s.26). På engelsk kan dei to orda “safety” og “security” belysa to viktige aspekt ved sikkerheit. “Safety” er eit ord som brukast for å beskriva sikkerheit mot uønskte hendingar som er eit resultat av noko tilfeldig. “Security” er på den andre sida eit ord som brukast for å beskriva sikkerheit mot uønskte hendingar som resultat av overlegg (NOU 2000:24). Ein kan derfor seie at “safety” handlar om sikkerheit ovanfor uønskte hendingar som ikkje er tilsikta, til dømes arbeidsulykker, mens “security” handlar om dei uønskte hendingane som er tilsikta, til dømes terrorangrep. I dette prosjektet vil ordet sikkerheit nyttas med betydninga til det engelske ordet “safety”.

2.1.2 Ei tilnærming til sikkerheitsdilemma


Eit dilemma kan seiast å vera eit problem som ikkje har eit korrekt svar. Ein må ta eit val som vil gje fordelar i ei retning, mens i ei anna retning vil ein tapa noko av lik verdi (Olsen, Kruke & Hovden, 2007, s.75). Eit slikt problem kan oppstå mellom sikkerheit og fridom. “Absolutt sikkerheit gjer ingen fridom, og absolutt fridom gjer veldig lite sikkerheit” (Olsen et al., 2007, s.75). Både sikkerheit og fridom er viktige verdiar for mennesket og noko dei fleste ønsker, men ein vil ikkje kunne ha begge fullt ut. Denne type dilemma fekk spesielt fokus i terrorismekonteksten. Sikkerheita blei auka med meir overvaking, men dette har gått ut over fridommen til privatliv, og det å kunna bevega seg fritt. Tiltak i andre kontekstar av samfunnet

kan også påvirke den individuelle fridommen. Til dømes må ein følge ulike krav og lovar når ein er på jobb, som av og til kan påvirka fridommen til å organisera arbeidet slik ein ønsker. Ein ser derfor at tiltak som skal forbedra sikkerheita og redusera risiko, samstundes vil redusera den individuelle fridommen (Engen et al., 2016). Eit dilemma vil derfor oppstå og det er ingen enkel måte å veta korleis omsynet til sikkerheit kan balanserast mot den individuelle fridommen (Olsen et al., 2007, s.75).

Sikkerheit og produksjon er ofte viktig å balansera, men det er ikkje alltid dette er like lett. “Det er lett å gløyma å vær redd for ting som sjeldan skjer” (Reason, 1997, s.6). Sitatet er noko av kjernen i det Reason kallar faren med “the unrocked boat”. Dersom ein gjennom ei lengre tid ikkje opplev nokon ulykker vil ein slappa meir av og ein jobbar mindre med den sikkerheita ein har. Samtidig sluttar ein å investera i ny sikkerheit. Når det plutselig kjem ei stor bølge i form av ei uønskt hending, velter båten og ein får ei ulykke. Reason (1997, s.4) har ein figur som visar det komplekse forholdet mellom sikkerheit og produksjon, sjå figur 2a. Figuren kan forklarast med at det ideelle for ein organisasjon vil væra å balansera drifta i det som blir kalla “parity” sona. Her vil farane med produksjonen bli møtt med tilstrekkeleg sikkerheit. Dess meir omfattande produksjonen er dess høgare bør sikkerheita væra. Dersom sikkerheita overgår produksjonen vil organisasjonen gå konkurs. Dette vil skje fordi investering i sikkerheita blir så dyrt at ein ikkje vil produsera nok til å tena kostnadane inn igjen. På den andre sida kan for lite investering i sikkerheita føra til katastrofe. Som oftast vil fokuset i ein organisasjon væra på produksjonen, men alle rasjonelle aktørar vil akseptera behovet for ein grad av sikkerheit (Reason, 1997, s.4). Dilemmaet mellom sikkerheit og produksjon vil ein stå ovanfor i kvardagen. Mange gonger vil ein måtte ta snarveggar som vil gå ut over sikkerheita slik at ein kan nå fristar og operasjonelle krav (Reason, 1997, s.4). Nærleggande her er sikkerheitstiltak som kan ha både positive og negative konsekvensar. Problemet blir då om ein skal innføra tiltaket og moglegvis la det gå utover produksjonen, eller om ein skal la vær å innføra det og kanskje la det gå utover sikkerheita. Engen et al., (2016, s.392) foreslår ei datostempling av nye sikkerheitstiltak. Dette inneberer at ein etter å ha innført eit slikt tiltak overvaker det, for å vurdere om det fungerer eller ikkje. Etter ei tid vil ein ha kunnskap om tiltaket og kva effektar det vil ha på sikkerheita, eller til dømes på effektiviteten i produksjonen. Slik kan ein ta stilling til om ein skal behalda eller fjerna tiltaket.



Figur 2a: Skisse av forholdet mellom produksjon og sikkerheit (Reason, 1997, s.4)



Figur 2b: Livsløpet til ein hypotetisk organisasjon (Reason, 1997, s.5)

Figur 2b visar eit døme med korleis livsløpet til ein organisasjon kan vera når ein manøvrerer mellom sikkerheit og produksjon (Reason, 1997, s.5). Ein nyetablert organisasjon vil starta med å investera i sikkerheit. Etterkvart vil sikkerheita gå nedover ettersom produksjonen vil få meir fokus. Så skjer det kanskje ei lita ulykke som gjer at ein igjen investerer i betre sikkerheit. Slik vil det fortsetta heilt til den dagen ei stor ulykke skjer og organisasjonen ikkje klarar koma seg vidare. Dilemmaet sikkerheit og produksjon er derfor eit dilemma dei fleste organisasjonar vil stå ovanfor. Til tross for at det kanskje ikkje har noko å seie at ein vel bort sikkerheita i ein arbeidsoppgåve kan det ha mykje å seie over tid. Det kan bli ein vane at ein tek snarveg, og når ein ikkje opplev noko vil faren vera at ein ender opp med “the unrocked boat”.

2.2 Risiko

Når ein snakkar om risiko kan det ha ulik meining og det kan til dømes vera knyta til farar, truslar, sannsynlegheit, og konsekvensar (Slovic & Weber, 2002, s.3-4). Sjølv om risiko er eit ord med mange betydningar, har alle risikokonsept ein ting felles, nemleg forskjellen mellom mogleg og valt handling (Renn, 2008, s.1). Mennesket må heile tida ta ulike val, ein vil stå ovanfor ulike moglegheiter, og ein må vurderer ut i frå dei potensielle positive eller negative konsekvensane. Å tenka på risiko vil derfor vera ein måte som kan hjelpa oss med å ta eit val.

Ofte kan ein skilja mellom to perspektiv på risiko, den tradisjonelle teknisk-naturvitskapelege tilnærminga og den samfunnsvitskapelege tilnærminga. I førstnemnte tilnærming vil risiko vera knyta til sannsynlegheiter og talfesta verdiar. Her vil risiko bli forstått som at risiko og sannsynlegheiter er objektive størrelser (Aven, Boyesen, Njå, Olsen & Sandve, 2004, s.38). Definisjonen på risiko i den fagtradisjonen er derfor at “risiko er produktet av sannsynlegheit og konsekvens” (Engen et al., 2016, s.78). I den samfunnsvitskapelege tilnærminga til risiko er ikkje risiko noko som eksisterer objektivt. Her blir “risiko sett som eit konsept som mennesket har oppfunne for å hjelpa dei å forstå og handtera farane og usikkerheitene med livet” (Slovic & Weber, 2002, s.4). Risiko blir derfor eit subjektivt begrep og vil vera den mest aktuelle tilnærminga til risiko med oppgåvas problemstilling. Sentralt i ei samfunnsvitskapeleg tilnærming står risikopersepsjon.

2.2.1 Risikopersepsjon

“Risikopersepsjon handlar om korleis folk flest forstår, opplev, og handterer risiko og farar” (Aven et al., 2004, s.40). Vidare kan ein også seia at menneskeleg handling først og fremst er driven av persepsjonar og ikkje av fakta (Renn, 2008, s.93). Risikopersepsjon blei først eit fokus på 1970-talet, når ingeniørar og teknologar stilte spørsmål til kvifor befolkninga reagerte med skepsis og utryggheit ovanfor teknologi som dei oppfatta som heilt trygg (Boyesen, 2003, s.4). Ein såg derfor at mennesket kan ha ulike oppfatningar av kva risiko er og etterkvart har forskning innan risikopersepsjon hatt ulike tilnærmingar. Renn (2008) skil mellom psykologisk tilnærming og sosial og kulturell tilnærming til risikopersepsjon. Ein vil kunne plassera ulike faktorar som vil påverka menneskets risikopersepsjon under desse tilnærmingane. Det kan vera mange slike

faktorar, og denne oppgåva vil konsentrera seg om dei frå det psykometriske paradigmet, kognitiv heuristikk, samt medias påverking.

Det psykometriske paradigmet

Dette perspektivet dannar ei førestilling om at “risiko er subjektive estimat av individuelle redslar eller forventningar om dei uønskte konsekvensane til ei hending” (Renn, 2008, s.105). Mennesket vurderer risiko ut frå ulike variablar, og dette har vist at konseptet risiko har ulik betydning for ulike menneske (Renn, 2008; Slovic & Weber, 2002). Forventa tap og dødsfall, samt katastrofepotensialet er variablar som kan påverka vurderingane. Ein har også risikorelaterte og situasjonsrelaterte karakteristikkar. Førstnemnte dreiar seg om at risikopersepsjon blir påverka av oppfatninga av risikokjelda. Her vil faktorar som frykt, kjennskap til risikoen og risikoens natur ha mykje å seie.

Frykt for ei potensiell skadeleg hending kan ha mykje å seie for korleis ein vurderer risiko. Renn (2008, s.107) nemner til dømes at ein vil ofte frykta konsekvensane av ei flyulykke meir enn ein fryktar konsekvensane av ei bilulykke. Statistisk sett veit ein at det er fleire som dør i bilulykker enn i flyulykker. Likevel fryktar ein flyulykker meir fordi ein ikkje har ein utveg, i ei bilulykke kan ein ha større sjans for å koma seg unna utan skade. Derfor vurderer ein risikoen for å omkomma i ei flyulykke større enn den er. Dømet visar også korleis frykt heng saman med personleg kontroll som blir beskrive seinare i dette kapitlet. Ein annan nær samanheng til frykt er følelsar. “Potensielle farar og truslar vil utløysa uro og bekymring, og på den måten vil ein kjenslemessig komponent bli involvert i persepsjonen av risiko” (Boyesen, 2003, s.15). Det vil seie at dei følelsane ein får når ein tenker på ein risiko vil ha noko å seie for korleis ein vurderer den. Er det følelse av frykt eller bekymring knyta til risikoen kan den bli sett på som høg. Dersom ein kjenner seg trygg derimot, vil ein vurdere risikoen som mykje lågare.

Kjennskap til risikoen kan også ha noko å seie for risikopersepsjon. Dersom ein er kjent med risikoen og veit kva det er, vil ein vera betre forberedt på kva som kan skje. Er risikoen ukjent derimot, vil det vera meir frykta (Renn, 2008, s.107). Slovic (2000, s.225-226) visar korleis kjennskap til risiko kan ha noko å seie. Ein ukjent risiko kan vera usynleg, effekten forsinka, og den kan vera ukjent både for dei som blir eksponerte og for vitskapen. Til dømes DNA-

teknologi, som genmodifisering (Slovic, 2000, s.225). På andre sida vil ein kjent risiko vera synleg, effekten vil koma med ein gong, og den vil vere kjent for både dei som blir eksponert og for vitskapen. Til dømes bilulykker. Kjennskap til risiko heng også saman med risikoens natur. Dersom kjelda til risikoen er naturleg vil den vera meir kjent og mindre farleg. Er kjelda til risikoen unaturleg eller kjemisk, blir den sett som ukjent og derfor farlegare.

Situasjonsrelaterte karakteristikkar dreier seg om situasjonen som risikoen manifesterer seg i (Renn, 2008, s.107). Her vil aspekt som frivilligheit og personleg kontroll vera viktige faktorar. Til dømes vil farar som blir sett på som frivillige også bli sett på som kontrollerbare (Slovic, 2000, s.224-225). Å bli utsett for ein risiko frivillig er generelt meir akseptabelt enn om ein blir utsett for det ufrivillig. Ein vil derfor vera villig til å akseptera ein høgare risiko dersom ein kan velje farane sjølv (Boyesen, 2003, s.11). Til dømes kan ein akseptera risikoen med røyking eller alkoholkonsum fordi det er frivillig, men å bli utsett for radioaktivt avfall er ufrivillig og ein risiko som ikkje er akseptabel (Slovic, 2000, s.225). Dette kan også henga saman med personleg kontroll. Ofte kan frivillige risikoar også opplevast som kontrollerbare. “Dersom risikokjelda er av ein slik art at ein med personleg dyktigheit kan minska risikoen, opplevast risikoen lettare å akseptera” (Boyesen, 2003, s.12). Personleg kontroll kan også vera prega av ei overdriven tru på eigen kompetanse. Har ein på ei anna side lite kontroll over risikoen vil det vera vanskelegare å akseptera den. Dette kan relaterast til dei same døma frå frivillig eller ufrivillig risiko.

Kognitiv heuristikk

Heuristikkar handlar om korleis mennesket prosesserer og oppfattar informasjon. Når ein har motteke informasjon vil “sunn fornuft” mekanismar hjelpa med å trekka slutningar (Renn, 2008, s.102). Bias er ein form for heuristikkar, og kan seiast å vera skeivheiter i tenkinga vår. Det er ulike typar bias og her vil berre tilgjengelegheit bli presentert, fordi det er spesielt relevant for risikovurderingar og for prosjektets data. Tilgjengelegheit handlar om at ein vurderer ein risiko ut frå det ein har tilgjengeleg i minnet. Kahneman, Slovic og Tversky (1982, s.11) nemner at dette er nyttig for å vurdere sannsynlegheit og hyppigheit. Tilfelle av ein større klasse blir vurdert betre og raskare enn tilfelle som ikkje skjer så ofte (Khaneman et al., 1982, s.11). Noko som kan påverke kva tilfelle som er tilgjengelege, er kor framstående eller tydelege desse er. Til dømes visar Khaneman et al. (1982) at dersom ein ser eit hus brenna vil inntrykket vera mykje

sterkare enn dersom ein lesar om ein brann i avisa. I tillegg vil også noko som har hendt nyleg vera meir tilgjengeleg enn noko som har hendt lenger tilbake i tid. Derfor kan ein leggja mindre sannsynlegheit til noko ein har opplevd for lenge sidan, eller ikkje i det heile. Tilgjengelegheit er derfor eit bias fordi dei vurderingane som blir gjort kan vera feil.

Media


Så langt har det blitt presentert ulike faktorar frå det psykometriske paradigmet som kan ha noko å seie for risikopersepsjon. Renn (2008) har også fleire sosiale og kulturelle faktorar. Det er ikkje hensiktsmessig å gå nærmare inn på alle, men medias påverking er ein faktor det kan vera interessant å sjå på. Media formidlar informasjon til samfunnet og mange gonger kan personars forståing av risiko bli påverka av dette, spesielt dersom dei ikkje allereie har erfaring med denne type risiko frå før. På ei anna side “er det ikkje bevis for at media skapar meiningar om risiko eller fastsett risikopersepsjonar” (Renn, 2008, s.143). For det meste vil media bidra til å bekrefte dei haldningane folk allereie har, fordi folk plukkar ut og forstår informasjon ut frå egne rammeverk (Renn, 2008, s.143).

2.2.2 Risikovurdering

I sikkerheits- og beredskapsarbeid blir det ofte laga risikoanalysar som kan gje eit underlag for ulike løysningar og tiltak som kan forbetra sikkerheita (Aven, 2006, s.4). Det finnes mange ulike måtar å gjennomføra ei risikoanalyse på. Korleis ein vel å gjer det avhenger av kva behov ein har og kva ein ønsker å få ut av det. Generelt kan ein seie at risikoanalysar “gjer oss i stand til å måla storleiken på dei farane som eit system blir utsett for, og ein kan måla systemet si evne til å møte farane” (Aven et al., 2004, s.97). I utarbeidinga av desse vil risikopersepsjon ha noko å seie for korleis ein vurderer risikoen, og er noko dei som skal gjennomføra risikoanalysar bør tenka på.

I ei risiko- og sårbarheitsanalyse vil ein kartlegga fleire uønskte hendingar som vidare blir analysert ut frå årsak, sannsynlegheit, sårbarheit, konsekvensar og usikkerheit (DSB, 2014, s.15). Med ei risikoanalyse kan ein få eit overordna risikobilde av ei uønskt hending, med identifiserte årsaker og konsekvensar (Lunde, 2014, s.27-28). Risikopersepsjon vil som nemnt ha noko å seie

for korleis ein vurderer desse faktorane, og etter ein har analysert risiko og sårbarheit vil det også ha noko å seie for kva risikoar ein vurderer som akseptable. Når ein har kartlagt dei uønskte hendingane vil ein derfor vurderer risikoen ut frå kva som er eit akseptabelt nivå av risiko. Renn (2008, s.149) skil mellom tre nivå, om risikoen er akseptabel, tolererbar (“tolerable”), eller utolererbar (“intolerable”). Akseptabel refererer til ein aktivitet der risikoen er så lav at ein kan gjennomføra den utan å gjera noko for å redusera risikoen. Tolererbar refererer til ein aktivitet der risikoen er høgare, men likevel verdt å gå vidare med dersom ein forsøker å redusera risikoen. Til slutt vil utolererbar sei at risikoen er så høg at ein ikkje vil gå vidare med aktiviteten (Renn, 2008, s.149). Akseptkriterier kan uttrykkast på fleire måtar og den inndeling som er presentert her er vanlegast for grovanalysar der ein plasserer risiko i ei matrise eller i ein graf med sannsynlegheit på eine sida og konsekvensar på andre (Aven et al., 2004; Renn, 2008). I figur 3 ser ein at dersom sannsynlegheita og konsekvensane er lave vil risikoen vær akseptabel. Etter kvart som dei blir større vil risikoen bli tolererbar og vidare utolererbar.



Figur 3: Akseptabel, tolererbar og utolererbar risiko (Renn, 2008, s.150)

I artikkelen til Braut, Rake, Aanestad og Njå (2012) har dei sett nærmare på alternative risikovurderings verktøy, ei av desse er Dagleg Risiko og Sårbarheitsanalyse (DagROS). Mange kommunar opplevde utfordringar med dei kommunale ROS-analysane og følte dei måtte gjer det berre fordi dei var nøydd, dei opplevde heller ikkje eigarskap til analysane (Braut et al., 2012). Å vurdera sannsynlegheit og konsekvensar kan vera utfordrande og krev som oftast ekspertkunnskap. DagROS er eit meir forenkla verktøy som tek for seg kvardagsrisiko. Det er først og fremst eit verktøy for dei som har ansvar for andre sin sikkerheit på jobb eller i fritida, men kan også brukast for eigen sikkerheit (Klepp kommune, Sosial- og helsedirektoratet, & Direktoratet for sivilt beredskap, u.å). Ved etablering av DagROS var fokuset på praktisk bruk av risiko og sårbarheitsanalysar. Årsaka er på grunn av at dei meiner det oppfordrar til meir deltakande interesse frå folk generelt og ikkje berre ekspertar (Braut et al., 2012). Analysen vil vera nært knyta til gjennomføringa av aktiviteten, krev ikkje tidlegare kunnskap om risikoanalysar, og består av seks trinn med enkle spørsmål;

1. Kva aktivitet skal bli vurdert? (Med viktige opplysningar om aktiviteten)
2. Kva hendingar er vi redd for kan skje? Ingen hendingar er for store eller for små
3. Kva må og burde me gjera noko med? Marker hendingane i punkt to som bør følgast opp
4. Kva burde gjerast for å redusera sannsynlegheiten for at desse hendingane skal skje? Sett opp tiltaka og dei som er ansvarlege
5. Kva bør gjerast for å redusera skaden dersom hendingane likevel skjer? Sett opp tiltaka og dei som er ansvarlege.
6. Etter aktiviteten, kva har ein lært?

(Braut et al., 2012; Klepp kommune et al., u.å).

Med å vurdera risiko på denne måten påpeiker Braut et al. (2012) at ein ser nærmare på praktiske utfordringar og fokuserer ikkje på å handtera teoretiske sannsynlegheiter. Derfor er det enklare å skilja ut dei viktige faktorane. Dette vil gje moglegheita til å reflektera over dei praktiske og viktige forholda. Ein annan fordel er at ein kan gå direkte frå analysen til å gjennomføra aktiviteten.

2.3 Beredskap

Beredskap handlar om å væra forberedt på å handtera ulike situasjonar, og då ofte ei ekstraordinær, uforutsett og alvorleg hending (Engen et al., 2016, s.280). Beredskap blir definert som “tiltak for å forebygga, avgrensa eller handtera kriser og andre uønskte hendingar” (NOU 2000:24, 2000, s.20). Formålet med beredskap blir då at ein skal sjå truslar og utfordringar på førehand, handtera desse på ein god og effektiv måte slik at ein kan ivareta menneske og samfunn. Ein kan seie at beredskap blir etablert i ein førkrisefase, blir testa i akuttfasen, og kan bli justert og endra på i etterkrisefasen.

Ofte tenker ein at beredskap er noko ein jobbar med i store organisasjonar som til dømes i kommunen, men det er like viktig i mindre organisasjonar og det er til og med noko me som personar driv med i kvardagen. Til dømes nemner Lunde (2014, s.22) at beredskap er ein del av HMS-arbeidet, dei som har ansvaret for dette i ei verksemd har også normalt oppgåva med å etablere beredskap.

2.3.1 Beredskapsarbeid

Arbeid med beredskap kan delast inn i ulike fasar. Engen et al., (2016, s.280) har fire slike fasar, og Lunde (2014, s.52-53) har tre, det er likevel dei same oppgåvene som er sentrale. I den første fasen vil ein etablere ei risikoanalyse. Som sett i kapittel 2.2.2 handlar det om å kartlegga og beskrive risikoen. Med å gjennomføra ei risikoanalyse vil ein få kunnskap som er viktig for å setta i verk tiltak som kan redusere sannsynlegheita for ei hending, eller redusere konsekvensane dersom hendinga skjer (Lunde, 2014, s.27). Derfor vil denne kunnskapen også gje eit betre grunnlag for beredskapsarbeidet.

I den andre fasen lagar ein ei beredskapsanalyse. Når ein har gjennomført ei risikoanalyse har ein identifisert ulike farar og områder som har større risiko enn andre, og som ein ønsker å bygga beredskap mot. Formålet med å utvikla ei beredskapsanalyse vil væra å identifisera kva som er ambisjonane for beredskapen og kva ressursar som kan brukast. I følgje Lunde (2014, s.54) vil ein i ei beredskapsanalyse først identifisera ytelsesrammer og ytelseskrav, og deretter analysere interne og eksterne ressursar. Førstnemnde handlar om å finna ut kva beredskapssituasjonar ein

skal etablera beredskap for å kunne handtera, og når ein har funne desse kan ein sjå nærmare på ytelseskrava til beredskapssituasjonane og kva krav til respons og handtering som skal oppfyllest (Lunde, 2014, s.54). Til slutt vil ein undersøka og skaffa seg kunnskap om dei eksterne og interne ressursane ein har tilgjengeleg. Døme på eksterne kan vera nødetatar eller offentlege ressursar, og interne kan vera tiltak eller kompetanse (Lunde, 2014, s.62-63).

På grunnlag av desse analysane vil ein i tredje fase setja opp ein beredskapsplan. Denne fasen er mest aktuell for dette prosjektet og vil derfor bli nærmare spesifisert i neste kapittel. I fjerde og siste fase har ein trening og øving, her handlar det om å trekka lærdom frå verkelege hendingar eller dei ein øver og trener på. Perry og Lindell (2003, s.346) påpeiker at øvingar vil vera ein test av dei planane, prosedyrane og ressursane ein har. Kunnskapen ein får kan brukas til å evaluera og oppdatera beredskapen. Desse fasane vil vera ein kontinuerleg prosess, og blir aldri ferdig.

2.3.2 Beredskapsplan

Sjølve beredskapsplanen skal beskriva “kven som har ansvar for kva, og kvar, når og korleis avgjerdsjar skal fattast” (Engen et al., 2016, s.285). I ein beredskapsplan skal ein finna kva beredskap som trengst i ulike situasjonar, korleis ein skal etablera beredskapen, og kva ressursar ein skal ta i bruk. Derfor er planen eit dokument som ein vil bruka aktivt i ein beredskapssituasjon, og den skal sikra at ein får ein planlagt, forutsigbar, effektiv og koordinert respons (Lunde, 2014; Engen et al., 2016). Lunde (2014, s.107) har samanfatta tre overordna punkter som er sentrale i ein beredskapsplan. Det eine er at ein burde ha ein oversikt over dei ulike funksjonane og delane som inngår i beredskapsorganisasjonen. Vidare burde ein beskriva kva arbeidsoppgåver, ansvar og avgjersemyndigheit desse har. Siste punkt er korleis funksjonane og delane skal respondere og kommunisera med kvarandre, med eksterne ressursar og andre. Engen et al. (2016, s.292) har samanfatta og presenterer seks punkter som er viktige og som kjenneteiknar ein god beredskapsplan. Desse blir presentert i figur 4.

1. Kortfatta plan.
2. Lett forståeleg.
3. Designa for bruk i raskt utviklande hendingar.
4. Tidspress.
5. Evaluering og oppdatering.
6. Beredskapsbevisstheit.

Figur 4: Kjenneteikn for ein god beredskapsplan

Figur 4 visar dei seks punkta forenkla. Det første er at den må være så kortfatta som mogleg, slik vil det være lett å bruka den og få oversikta i planen. Eit omfattande og langt dokument vil gjera at dette blir vanskeleg, spesielt i ein krisesituasjon. Det andre punktet er at den må være lett forståeleg slik at kvar ein person kan slå opp i den og ikkje møte eit språk som vil skapa misforståingar. Vidare vil det være viktig at planen er designa på ein slik måte at den kan takla ei dynamisk utvikling av krisa (Engen et al., 2016, s.292). Under ei krise vil situasjonen endra seg raskt og det vil være både usikkerheit og mangel på kunnskap. Det fjerde punktet handlar om tidspress, ofte må ein ta raske avgjersler og derfor er det viktig at planen tar innover seg det tidspresset som kan oppstå. Det vil også være viktig at planen heile tida blir evaluert og oppdatert både i kvardagen og etter ein har gjennomført øvingar, eller har opplevd ei uønskt hending. Til slutt burde planen skapa ein beredskapsbevisstheit slik at alle kjenner si rolle og kjenner på ei eigarrolle til beredskap.

3.0 Metode

Dette kapitelet vil ta for seg og diskutera ein del metodiske val som har blitt tekne i prosjektet, og som har hatt noko å seie for utforminga og resultatane. Problemstillinga i prosjektet dreier seg om bøndene sine opplevingar og haldningar til sikkerheit og risiko, samt beredskap. Hensikta med denne har vært å gå djupare i temaet. Sidan “kvalitative metodar ikkje har som siktemål å sei noko om det generelle og typiske, men heller noko om det unike og spesielle” (Jacobsen, 2005, s.171), vil prosjektet ha ei kvalitativ tilnærming. Med denne metoden kan ein derfor gå djupare inn i opplevingane til bøndene

3.1 Forskingsstrategi

Forskingsstrategi handlar om korleis ein går fram for å svara på problemstilling og forskingsspørsmål (Blaikie, 2010, s.18). Som oftast vil ein ikkje ha berre ein type strategi, men heller ei blanding. Dette prosjektet kan seiast å ha trekk frå både ein deduktiv og ein abduktiv strategi. Med ein deduktiv strategi kan ein seia at ein går frå teori til empiri (Jacobsen, 2005, s.28). Då vil ein først skapa seg nokre forventingar om verkelegheita basert på tidlegare forskning og teoriar, for så å undersøka om dette stemmer overeins med verkelegheita (Jacobsen, 2005, s.28). Dette prosjektet kan seiast å ha deduktive trekk fordi både tidlegare forskning og teoriar frå samfunnssikkerheit blei brukt i byrjinga til å utvikla tema og problemstilling, samt intervjuguiden. Slik danna det seg eit bilete av sikkerheita i landbruket som sidan blei undersøkt opp mot verkelegheita.

Prosjektet har ikkje ein rein deduktiv strategi. Jacobsen (2015, s.34-35) påpeiker at ein abduktiv strategi vil vera ei pragmatisk tilnærming der ein heile tida vil veksla mellom teori og empiri. Dette er hovudstrategien for prosjektet. I oppstarten var strategien meir deduktiv, men undervegs har det veksla mellom teori og empiri. Til dømes leda nokre av funna i dei første intervjuane til at intervjuguiden blei endra litt på, og under analysen av empirien blei det veksla mellom å ta utgangspunkt i teorien eller i empirien.

3.2 Datainnsamling

Datainnsamlinga har i hovudsak vore av primærdata i tillegg til sekundær- og tertiærdata. Primærdata er generert av forskaren sjølv og er nye data som er samla med hensikt å svara på problemstillinga (Blaikie, 2010, s.160-161). Med problemstillinga til prosjektet er det nødvendig med primærdata fordi ein får informasjon direkte frå bøndene om dei forholda som skal undersøkast. I tillegg vil det også vera aktuelt med sekundærdata gjennom dokumentanalyse. Dette er data som har blitt generert av andre forskarar, men som blir analysert igjen for å belysa dette prosjektet. Tertiærdata er data som er analysert av ein annan forskar (Blaikie, 2010, s.160-161), som også har blitt brukt i form av tidlegare forskning til å konkretisera problemstilling og gjer avgrensingar i oppgåva.

I oppstarten på prosjektet skulle eit tema avgrensast og ei problemstilling utviklast. For å gjera dette blei blant andre Norges Bondelag kontakta per e-post, med spørsmål om tips og idear til aktuelle tema. Dette var dei svært positive til, og det blei avtalt ei tid til ein telefonsamtale. I mellomtida tipsa dei om å sjekke ut nettsida til “Tryggare saman” og ein ny rapport om ulykker i landbruket. I sjølve telefonsamtalen var me innoom ulike tema som har med sikkerheita i landbruket å gjera. Me snakka også litt om KSL som har systematiserte krav for bonden, deriblant at dei fekk ein ny HMS-standard for nokre år sidan. Vidare blei det snakka om prosjektet “Tryggare saman”, kva det dreier seg om (sjå kapittel 1.3) og at dei har hatt pilotprosjekt rundt i landet, deriblant i ein kommune på Jæren. Beredskap er viktig for sikkerheita og oppfatninga om beredskap er ulik. Dette var eit interessant tema og slik kom ideen om å samanlikna to grupper med bønder, ei som har delteke på dette prosjektet og ei som ikkje har delteke. Som ein vil sjå seinare blei denne samanlikninga etter kvart gått vekk frå.

3.2.1 Uformelle intervju

Primærdata har blitt samla inn gjennom uformelle intervju med bønder på Jæren/Nord-Jæren. Med prosjektets problemstilling vil bøndene vera den viktigaste kjelda til data, og det er dei som vil ha førstehands kunnskap om korleis det er å jobba på ein gard. Uformelt intervju blei valt på grunn av at ein kan spørje respondentane direkte om forholda rundt sikkerheit og beredskap på

garden. På denne måten kan ein sjå nærmare på om dei vurderer dette ulikt, og kva som påverkar synet deira.

Utval og førebuing

I uformelle intervju er det vanleg å bruka ein intervjuguide. Denne vil danna ei rettesnor for intervjuet. Den bør vera omfattande og spesifikk nok til at ein får den informasjonen som vil vera relevant, men også enkel og generell slik at intervjuet kan gjennomførast på ein fleksibel måte (Grønmo, 2004 s.161). Etterkvart som problemstillinga og teorigrunnlaget blei meir etablert, blei det meir klart kva informasjon som ville vera viktig å få tak i frå bøndene. Ut frå dette blei dei tre kategoriane sikkerheit, risiko og beredskap skjelettet for intervjuguiden og under desse blei meir spesifikke tema etablert (sjå vedlegg A og B).

Samstundes blei det også vurdert kven som kunne vera aktuelle å intervju og korleis det var greiast å koma i kontakt med desse. Det blei ikkje lagt ein konkret plan for utveljing av personar til intervju, og vegen blei til undervegs. Dette er ein av fordelane med kvalitative undersøkingar, fordi ein kan vera fleksibel. I prosjektet er det både respondentar og ein informant. Bøndene er respondentar fordi dei er medlem av ei spesiell gruppe, og HMS-rådgevar er informant fordi dette er ein person som ikkje er medlem i denne gruppa, men har spesiell kunnskap om den (Jacobsen, 2005, s.171). I ein utvalsprosess er det vanleg å gå gjennom nokre definerte fasar. Desse fasane kan ein også sjå igjen i dette prosjektet. Første fase handlar om å skaffa seg ein oversikt over alle ein kunne tenka seg å intervju dersom ein hadde uavgrensa med tid og ressursar (Jacobsen, 2005, s.172). Dette blei til ein viss grad også gjort i prosjektet, og populasjonen blei i første omgang norske bønder. Undervegs i gjennomgangen av tidlegare forskning og utviklinga av problemstillinga blei det gjort avgrensingar basert på geografisk område og type produksjon. Med dette beveg ein seg inn i neste fase, inndeling av populasjonen i undergrupper. Ei anna gruppeinndeling som blei gjort var å skilje mellom dei bøndene som har delteke i piloten til “Tryggare saman” og dei bøndene som ikkje har delteke på dette. I tredje fase har ein kriterium for utval av respondentar (Jacobsen, 2005, s.173). Det finnes fleire kriterium blant dei ulike metodeforfattarane, men ofte vil ein ha ein kombinasjon av kriterium. I første omgang blei det bestemt at det skulle gjennomførast med cirka ti personar. Å skilja mellom bønder som har delteke i piloten til “Tryggare saman” og dei som ikkje har det kan seiast å vera

eit kvoteutval. Ein delar inn i kategoriar og gjer eit utval av eit bestemt tal innan kvar kategori (Grønmo, 2004, s.99). Utvalet blei også påverka av tilgang til kontaktinformasjon. Lokallaga til Bondelaget på Jæren/Nord-Jæren blei kontakta med førespurnad om aktuelle respondentar. Nokre av desse sendte derfor kontaktinformasjon til aktuelle respondentar deriblant dei som hadde delteke på piloten til “Tryggare saman”. Snøballmetoden handlar i følge Jacobsen (2005, s.175) om å ikkje ha eit fast kriterium i starten. Ein begynn med ein respondent og får gjennom denne tips til andre som kan vera aktuelle. Nokre av respondentane som blei intervjuar var i lokallaga og tipsa om andre som kunne vera aktuelle respondentar, derfor kan ein sjå at snøballmetoden også blei brukt til utval.

Etterkvart som respondentar blei kontakta og intervju blei haldt, blei det mindre aktuelt å fokusera på samanlikning av dei to gruppene, fordi det ikkje blei nok respondentar som hadde delteke på piloten til “Tryggare saman”. Nokon ønska ikkje å delta på intervju og andre svara verken på e-post eller telefon, og til slutt var det berre to respondentar som hadde delteke. Derfor blei det gått vekk frå denne inndelinga. Det som gjorde det utfordrande å få tak i respondentar kan ha ulike grunnar. Det eine kan vera at sikkerheit er eit tema ikkje alle ønsker å snakka om av ulike grunnar, dette kom også fram i svaret frå eit av lokallaga. Ein annan grunn kan vera det at bøndene har ein travel kvardag der dei ikkje prioriterer å delta på intervju. Dette var også ein grunn til at eg ønska å komma i gang med intervjuar så tidleg som mogleg, sidan vårvinna er ein av dei travlaste periodane på ein gard.

Gjennom respondentane kom også ideen om å intervjuar ein informant som jobbar som HMS-rådgjevar for bøndene. Dette for å få data frå nokon i det ytre systemet rundt bøndene, som har ekspertkunnskap om sikkerheit og beredskap på gardsbruk, og som jobbar direkte med bøndene.

| Omtalt i oppgåva som: | Jobb/Produksjon: | Aldersgruppe: |
|-----------------------|-----------------------|---------------|
| Telefonsamtale | Norges Bondelag | - |
| Respondent A | Melk, og sau | 30-45 år |
| Respondent B | Melk, ammekyr, og sau | 45-55 år |
| Respondent C | Melk, og sau | 30-45 år |
| Respondent D | Melk og sau | 30-45 år |
| Respondent E | Melk og gris | 30-45 år |
| Respondent F | Melk og gris | 55-65 år |
| Respondent G | | 55-65 år |
| Respondent H | Melk og sau | 45-55 år |
| Informant | HMS- Rådgjevar | - |

Tabell 1: Oversikt over utval til intervju

Gjennomføring

I byrjinga av februar blei dei ulike lokallaga til Bondelaget kontakta, og i byrjinga av mars blei dei første intervju starta. Bøndene har travle arbeidsdagar, og spesielt når det nærmar seg vår. Derfor fekk respondentane velje tidspunkt for intervju som passa best for dei og alle intervju blei gjennomført heime på garden deira. Før intervju starta blei det bekrefta at det var greitt å bruka lydband, og det blei gitt litt informasjon om prosjektet og intervjuet. Å skapa tillit i intervjusituasjonen er viktig og dette blei gjort ved å fortelja litt om eigen interesse for prosjektet, eigen bakgrunn både som odelsjente og tidlegare avløyser. Slik fekk respondentane veta om forskars kunnskapsgrunnlag om bondeyrket, som igjen kan gjera samtalen meir avslappa og daglegdags.

Dei fleste intervju varte i underkant av ein time, der det kortaste var ein halvtime og det lengste ein time og eit kvarter, i tillegg til generell prat før og etter sjølve intervjuet. Under intervju blei intervjuguiden brukt for å passe på at alle tema blei dekkja, men fokuset blei likevel på å følgja samtalen heller enn guiden og tilpassa undervegs. Ingen av intervju blei like og erfaring frå det

eine intervjuet blei teke med til neste intervju. Dette gjorde at intervju blei litt betre undervegs. Kommunikasjon i intervjusituasjonen var litt utfordrande. Nokre respondentar snakka mykje og svara utbreidd på spørsmåla, noko som gjorde det lett å ha ein naturleg samtale. Andre respondentar var korte i svara, noko som gjorde det vanskelegare å fletta spørsmåla inn i samtalen på ein naturleg måte og koma på andre tilleggsspørsmål. Dette var tilfellet spesielt i det eine intervjuet rundt midtvegs. På ei anna side kan det også vera utfordrande med intervju der respondentar svarar veldig utfyllande på spørsmål. Eit døme var i intervjuet med respondentane F og G som driv garden i lag (sjå tabell 1). Med to respondentar blei det meir utfordrande å styra samtalen, og det blei viktig å finna ein balanse i det å styra samtalen, stilla spørsmål, og la begge få ordet.

Intervjua blei tekne opp på lydband, og det blei ikkje notert i sjølve intervjuet. Fordi det kjentest mykje meir naturleg å vera ein aktiv lyttar og fokusera på ein god samtale, heller enn å sjå ned i ei notatblokk undervegs. Så fort som mogleg etter intervjua blei det notert ned inntrykk, den sosiale situasjonen og eventuelle tilleggskommentarar dei hadde etter avslutta lydopptak. Vidare blei også alle lydopptaka transkribert. Etter første og andre intervju blei sjølve intervjuguiden revidert og justert. Den eine respondenten hadde også ei omvising på garden der noko av det som blei snakka om under intervjuet også blei vist i praksis. Etter intervju med åtte respondentar kom det lite nye data og ofte gjekk svara i det same som dei andre snakka om, derfor blei det teke ei avgjersle om å foreløpig stoppe her og ta eit intervju med ein informant. Som nemnt tidlegare var tanken å intervju rundt ti personar, og til slutt blei det i alt ni.

3.2.2 Dokumentanalyse

Sekundærdata har i dette prosjektet blitt samla inn gjennom dokumentanalyse. I intervjua blei det klart at det kunne vera aktuelt å inkludera ei analyse av nokre dokumenter. Dette har blitt gjort for å få eit innblikk i, og kunnskap om nokre av dei dokumenta som bøndene må forhalda seg til. Målet med å inkludera ei dokumentanalyse er for å belysa problemstillinga og undersøka om dokumenta kan ha noko å seie for korleis bøndene opplev sikkerheit og risiko. Tabell 2 visar ei oversikt over dei dokumenta som har blitt analysert.

| Dokument | Tittel | Hensikt med dokument |
|--------------------------------------|---|--|
| KSL standard, HMS | “Veileder. 2- Helse, miljø og sikkerhet (HMS)” “Sjekkliste for egenrevisjon. 2- Helse, miljø og sikkerhet (HMS)” | Skal benyttast ved eigenkontroll på garden. (internkontroll) |
| KSL, skjema for risikoanalyse | “Risikoanalyse arbeidsoppgaver” | Verktøy for bonden |
| KSL, beredskapsplakat | “Beredskap” | Plakat til å henga i bygningane på garden |
| KSL, liste til beredskapsplanlegging | “Utarbeidelse av beredskapsplan” | Rettleiing til korleis ein kan planlegga for beredskap |

Tabell 2: Oversikt over utval av dokumenter

Det finnes mange ulike dokumenter som bøndene kan nytta seg av. Dei som er medlemmar i ulike organisasjonar kan også få rettleiingsdokumenter frå desse. Dokumenta som er valt i dette prosjektet er alle frå KSL. Det er eit val som er teke på grunnlag av at desse dokumenta er tilgjengelege for alle bøndene, uavhengig av medlemsskap. “KSL-standard, HMS” kan seiast å vera hovuddokumentet sidan dette er obligatorisk for alle bøndene å gå igjennom.

3.2.3 Datareduksjon

Gjennom datainnsamlinga har det blitt samla relativt store mengder informasjon. For å bruka dette i analysen var det nødvendig å redusera data og sjå det i samanheng med kvarandre. I følge Jacobsen (2005, s.186) dreier analyse av kvalitative data seg om å beskriva, systematisera og kategorisera, samt samanbinda. Transkribering av alle intervjua gjorde det lettare å systematisera og få ei oversikt over all data frå intervjua. Koding er viktig for å få ein oversikt med å forenkla og samanfatta innhaldet. Dette gjer ein med å finna stikkord som kan beskriva større utsnitt av teksten (Grønmo, 2004, s.246). Alle transkriberingane blei gjennomgått, og det blei notert ned stikkord, eller kodar i marginen. Slik blei det enklare å finna fram og kategorisera datamaterialet. Å danna kategoriar og systematisera er nødvendig for å kunna formidla dei funna ein har (Jacobsen, 2005, s.186). Først og fremst vart det inndelt etter dei tre hovudkategoriane sikkerheit, risiko og beredskap, som i intervjuguiden. Vidare blei det nødvendig å dela opp empirien i

underkategoriar, noko som skapa strukturen i kapittel 4.0. Kategorien sikkerheit blei delt opp i personleg skade og ulykker, sikkerheitstiltak og dokumentering. Kategorien risiko blei delt opp i faktorar som kan påverka risikovurderingane, og risikovurdering i arbeidsoppgåver. Til slutt blei siste kategori, beredskap delt opp i; god beredskap, beredskapsplan, trening og øving og bøndenes egne forslag til meir fokus på beredskapsarbeid. Dokumenta presentert i tabell 2, blei også gjennomgått i samsvar med desse kategoriane. Innhaldet i både dokumenta, og intervju blei analysert og vurdert ut frå kva som var relevant for problemstillinga og forskingsspørsmålet.

3.3 Forskingsetikk

“Samfunnsvitskapelege undersøkingar har konsekvensar både for dei som blir undersøkt og for samfunnet” (Jacobsen, 2015, s.45). Derfor er det viktig å tenka igjennom dei etiske aspektane ved prosjektet. Noreg har tre grunnleggande etiske krav i forholdet mellom forskar og dei det forskast på. Desse er informert samtykke, krav om privatliv og krav om å bli korrekt gjengitt (Jacobsen, 2015, s.47).

Alle som deltek i prosjektet skal ha eit informert samtykke, det vil seie at den som deltek gjer dette frivillig og basert på informasjon om kva det vil innebera å delta (Jacobsen, 2015, s.47). Alle respondentane fekk tilsendt formell førespurnad per e-post. Med opplysningar om bakgrunn og formål med prosjektet, kva tema dei kunne venta å bli spurt om, kva det ville innebera å delta og behandling av personopplysningane. Det blei også presisert at det er frivillig deltaking og at dei når som helst kan trekka seg. Med denne informasjonen kunne dei sjølv tenka igjennom utan press om dei ønska å delta eller ikkje. Dei som ikkje svarte på e-post fekk ein telefon med spørsmål om dei hadde lest e-posten og kunne tenka seg å delta. Dette kan kanskje opplevast meir pressande, men var nødvendig for å etablera kontakt.

Det er også eit krav om privatliv, dette vil seia at det ikkje skal vera mogleg å identifisera respondentane eller informanten. Det eine som har blitt gjort for å anonymisere respondentane er at alle sitat i teksten er skrive på nynorsk og ikkje på dialekt. Respondentane kjem også frå fleire ulike kommunar på Jæren/Nord-Jæren, men det blir ikkje spesifisert kva kommunar dette er.

Skilnadar mellom menn og kvinner har ikkje hatt særleg fokus i dette prosjektet og derfor skiljast dei heller ikkje i teksten. Derfor kallast dei respondent A, B, C..., utan personleg pronomen. Meir utfordrande var det med anonymiseringa av informanten sidan dette berre er ein person i eit spesifikt yrke. Derfor brukas det heller ikkje her personleg pronomen, og heller ikkje arbeidsplass eller alder blir spesifisert. Respondentane sin alder blir oppgitt for å gje eit bilete på mangfaldet, men det er tre generelle aldersgrupper i staden for spesifikk alder. Noko anna som har litt å seie for privatlivet handlar om kor følsam informasjonen er (Jacobsen, 2015, s.49). Å snakka om ulykker kan vera eit sårt tema og det er ikkje sikker alle ønsker å vera like opne om dette. Derfor blei spørsmål om dette tema, stilt så opne som mogleg slik at respondentane sjølv kunne velje kor mykje dei ville fortelja. I tillegg vil dei døma som blir tatt opp i teksten bli anonymisert på best mogleg måte, sidan det er hendingar som kan skje alle bønder.

Det tredje kravet handlar om å bli korrekt gjengitt, der ein skal forsøka å gjengi resultata fullstendig og i riktig samanheng (Jacobsen, 2015, s.51). Dette har blitt gjort med å passa på at sitata i størst mogleg grad ikkje har blitt tekne ut av sin samanheng. I analysen er dette vanskeleg å få til hundre prosent, men det har heile tida vore i tankane at dei skal bli gjengitt på mest mogleg korrekt måte. At intervjuar har blitt tekne opp på lydband og transkribert, og at alle dokumenta er offentlege, gjer det også mogleg å kunna gå tilbake og sjekka at data som blir presentert i prosjektet er korrekt.

3.4 Forskingsoppleggets kvalitet

Resultata i eit vitenskapleg forskingsopplegg kan vera prega av dei metodiske vala som har blitt tekne i gjennomføringa av forskinga. Eit forskingsopplegg kan ha ulike svakheiter og styrker, og ei drøfting av desse kan bidra til å belysa kor truverdig forskinga er. Sentralt for ei slik drøfting er forskingsoppleggets validitet og reliabilitet. “Validitet handlar om gyldigheita av dei tolkingane undersøkinga fører til” og “reliabilitet handlar om forskingas pålitelegheit” (Thagaard, 2013, s.193-194). I dei neste kapitla vil det bli drøfta kva som kan ha påverka dette prosjektets validitet og reliabilitet.

3.4.1 Validitet

Validitet handlar som nemnt om gyldigheita av prosjektet, og er knyta til tolkingane av data. Ein kan dela det inn i intern gyldigheit og ekstern gyldigheit. “Intern gyldigheit går på korvidt me har dekning i våre data for dei konklusjonane me trekk” (Jacobsen, 2005, s.19). For å undersøka prosjektets interne gyldigheit vil det bli sett nærmare på grunnlaget for tolkingane, både for datakjeldene og forskar sjølv. “Ekstern gyldigheit går på om resultat frå eit avgrensa område er gyldige også i andre samanhengar” (Jacobsen, 2005, s.20). Dette vil undersøkt med å sjå nærmare på om prosjektet er overførbart.

Intern gyldigheit

Med prosjektet si problemstilling kan ein seie at metoden for innsamling av data styrker validiteten. Problemstillinga krevjar ein kvalitativ metode og det er naturleg at bøndene skal vera kjelder til informasjon, men å berre ha ei kjelde til data kan svekka validiteten. Derfor har det også blitt inkludert ein informant med ekspertkunnskap om sikkerheit på gardsbruka i tillegg til fleire av dei dokumenta som bøndene må forhalda seg til. Validiteten til prosjektet er nært knyta til kjeldene. I dette prosjektet blei først lokallaga til Bondelaget kontakta, som sendte kontaktinformasjon til aktuelle respondentar. Derfor var også dei fleste respondentane bønder som er aktive i ulike lag og foreiningar, noko som kan ha påverking på dei data som har blitt samla inn. Det er ikkje grunnlag for å seie at bønder som ikkje er aktive i lag og foreiningar har dei same opplevingane som respondentane har med sikkerheit, risiko og beredskap på garden. Det å inkludera eit intervju med ein HMS-rådgevar som jobbar direkte med bønder styrker validiteten til prosjektet ved at mykje av data frå respondentane samsvarer med data frå informanten. Informanten ga også eit innblikk i, og informasjon om, dei krava bøndene har og kor viktig det er å fokusera meir på sikkerheita. Dokumenta som har blitt brukt i dokumentanalysen har blitt valt på grunnlag av kva som er tilgjengeleg for bøndene. Alle dokumenta er å finna på KSL sine sider og er derfor tilgjengeleg for alle bøndene, dokument frå andre stader er mange gonger berre for medlemmar. Dette kan seiast å styrka validiteten, men det kan henda den hadde blitt ytterlegare styrka med fleire dokument frå andre kjelder. KSL har også fleire dokumenter som bonden kan nytta seg av. Dei fire dokumenta som blir nytta her er mest relevant for forskingsspørsmåla og problemstillinga, men det kan henda at nokre av dei andre også kunne vore hensiktsmessige å ta med.

Det kan også drøftast om respondentane og informanten i intervjuet gjer riktig informasjon. På eine sida kan ein seie at det ikkje finnes riktig eller gal informasjon. På den andre sida tek prosjektet opp tema som kan vera påverka av blant anna hukommelse. Fleire av respondentane kjem ikkje på hendingar som til dømes kan ha påverka deira oppleving av sikkerheit og risiko. Dette kan vera på grunn av at dei ikkje har opplevd noko, men også på grunn av at det er mindre hendingar som har blitt gløymt eller hendingar dei ikkje ønsker å snakka om. Validiteten blei likevel styrka med å halda fleire uavhengige intervju.

Så langt har det blitt sett på datakjeldene som grunnlag for validiteten til tolkingane i prosjektet. Forskar sjølv har også mykje å seie fordi all data må bli analysert for å kunna svara på problemstillinga. Kapittel 3.2.3 om datareduksjon bidreg til å belysa prosessen med analysen av datamaterialet og gjer eit innblikk i korleis dette har blitt tolka. I følge Thagaard (2013, s.206-207) kan også forskarens kjennskap til miljøet som forskast på ha noko å seie for validiteten. I dette prosjektet har forskar kjennskap til miljøet gjennom å ha vakse opp på gard, jobba som avløyssar og studert landbruk. Dette kan vera positivt fordi det har bidrege til å skapa tillit i intervjusituasjonen, med at forskar ikkje er uvitande om respondentane sin situasjon og har kunnskap om det dei jobbar med. På ei anna side kan det også ha hatt negative konsekvensar fordi forskar kan ha oversett faktorar som kan ha påverking på tolkinga av resultatata.

Noko som også seier litt om gyldigheita til prosjektet er om funna gjenspeiler verkelegheita (Jacobsen, 2015). For å sei noko om dette kan ein samanlikna funna med tidlegare forskning for å sjå om det er samsvar. Undervegs i intervjuet var det fleire gonger respondentane hadde ulike poeng som samsvarde med nokre av funna i undersøkingane som blei presentert i kapittel 1.1.1, og ein kan derfor seie at dette er ein styrke for validiteten til dette prosjektet.

Ekstern gyldigheit

Den eksterne validiteten handlar om kor overførbart prosjektet er til andre samanhengar. Om dei fenomena og resultatata som kjem fram i dette prosjektet kan sei noko om andre samanhengar. Prosjektet har i alt ni intervju og fire dokument, dette er for lite til å kunne sei at resultatata er likt for alle bønder i Noreg. Dette har ikkje vore hensikta med prosjektet, og heller ikkje noko som er

vanleg ved bruk av kvalitativ metode. Med å ha ni intervju har det vore mogleg å gå djupare inn i dei ulike tema som er ein del av problemstillinga. Generelt sett er sikkerheit, risiko og beredskap tre store tema, noko som har krevd nærmare avgrensing. Problemstillinga blei derfor spissa inn mot bøndenes egne opplevingar, det blei avgrensa til eit geografisk område og gjeld berre enkelte produksjonar. Alle vala har noko å seie for om prosjektet er overførbart. Ein kan seia at prosjektet er overførbart til bønder som driv same type produksjon på heile Jæren/Nord-Jæren. Det kan også argumenterast for at det også er overførbart til heile Rogaland generelt, eller moglegvis for same type produksjon andre stader i landet. Mogleg det er litt for få respondentar til å kunne seie dette, men at det også samsvarar med tidlegare forskning som har undersøkt på landsbasis kan seiast å vera ein styrke.

3.4.2 Reliabilitet

Reliabilitet handlar som nemnt om pålitelegheita til prosjektet, og ein kan seie at pålitelegheita er god dersom andre forskarar vil koma fram til same resultat. Med kvalitativ metode er dette meir utfordrande, men for å styrka pålitelegheita til prosjektet har det blitt lagt vekt på å beskriva framgangsmåten så nøye som mogleg her i metodekapitlet. På denne måten blir prosjektet meir gjennomsiktig og det er lettare å sjå korleis ein har gått fram for å få dei resultata som prosjektet har resultert i. Likevel er det nokre faktorar som kan ha påverka pålitelegheita. Innsamling av primærdata har blitt gjort med bruk av uformelle intervju, det som ofte kjenneteiknar slike intervju er at dei mange gonger følger samtalen, og det kan bli vanskeleg for andre forskarar å få akkurat dei same data. I prosjektets datainnsamling blei det nytta ein relativt detaljert intervjuguide, noko som kan styrka pålitelegheita til ein viss grad.

I dei uformelle intervju vil også sjølve intervjusituasjonen kunne påverke den informasjonen respondentane og informantene har gitt. Alle intervju av respondentane blei gjennomført heime hjå dei sjølv. På den eine sida kan dette gjer at ein som forskar får mindre kontroll over intervjusituasjonen. Til dømes var sonen til den eine respondenten til stades under intervjuet, noko som kan ha påverka svara i intervjuet. På den andre sida var dette til fordel for respondentane fordi det gjorde det enklare å avtala ei tid i ein travel kvardag. Det er til dømes ikkje sikker dei ville teke seg tid til å delta på intervju dersom dei måtte ha reist vekk for å gjera det.

4.0 Empiri

I dette kapittelet vil resultatene i prosjektet bli presentert. All empiri har her blitt strukturert etter hovudkategoriane i intervjuguiden. I kvar av kategoriane blir det først presentert resultat frå respondentane, og deretter frå informant og dokumentanalyse. Mykje heng likevel saman, og alt bør bli sett i si heilheit.

4.1 Sikkerheit

4.1.1 Empiri frå respondentane

Personleg skade og ulykker

For fleire av respondentane handlar sikkerheit om å unngå personlege skadar og ulykker. Som respondent B seier; “sikkerheita for meg er jo til å ikkje øydelegga meg, det er alfa og omega eigentleg”. Det nemnes vidare i døme med handtering av dyra, at sikkerheit vil vera å ikkje komma opp i situasjonar der ein kan bli innestengt, og er utan ein utveg dersom dyra skulle skada dei. Også respondent E er oppteken av at ein ikkje skal ha personlege skadar, og seier at hovudmålet er at det skal gå knirkefritt. Skrubbsår og blåmerke er noko ein må rekna med som bonde, men å unngå alvorlege skadar er viktig. Respondent D seier; “ting som fysisk hemmar deg i kvardagen som gjer at du blir gåande å halta eller hinka over lengre periodar, eller du ikkje kan utføra arbeidsoperasjonar, då har du gått for langt”.

Blant dei som har blitt intervjuet er det litt forskjell i kor mykje dei har opplevd av skader og ulykker. Fire av respondentane har opplevd lite som har gått ut over sikkerheita på denne måten, og har berre eit døme kvar på mindre uhell som har ført til skadar. Enten på seg sjølv eller andre som har jobba på garden. To av respondentane har opplevd litt meir, og dei siste to har fleire døme som blir nemnt ut gjennom intervjuet, og kan seiast å ha opplevd ein del.

Sikkerheitstiltak

Eit tema som det ikkje nødvendigvis blei stilt direkte spørsmål om under intervjuet, men som likevel kan finnast gjennom heile intervjuet er sikkerheitstiltak. Fleire av respondentane er opptekne av at sikkerheita burde bli ein del av rutinane på garden, og i ulike arbeidsoppgåver. Respondent A nemner at det er viktig å tenka igjennom og konsentrera seg om arbeidsoppgåva, vera oppmerksam og ikkje ha øyreklokker på, eller gå i sin eigen verden. Ein må tenka seg om to gonger før ein gjer noko. Dette er også respondent H oppteken av; “eg trur kanskje eg i større grad prøvar å tenka to trinn fram, (...) dersom du køyrar inn i den situasjonen der kva skjer då”. Med rutinar kan ein unngå farlege situasjonar og læra seg å gjenkjenna desse.

Fleirtalet av respondentane nemnar også at det er viktig å vera to eller fleire når ein skal gjennomføra arbeidsoppgåver som kan vera spesielt farlege. Til dømes har respondentane F og G lagt seg ulike rutinar og vanar. Når dei må oppi bingane med stutar, går dei ikkje oppi bingane aleine. Dersom respondent G skal oppi er alltid respondent F med på sida og følg med.

Handtering av dyr er noko alle tek opp i ulik grad. Respondent G påpeiker at dyr som følar seg pressa kan ta deg dersom det er einaste veg ut av situasjonen. Oppførslen til dyra kan ikkje føreseiast, og respondentane snakkar om at det er viktig å vera roleg, ikkje gjer brå bevegelser eller laga høge lydar. Respondent C seier at det er viktig når ein jobbar med dyra at ein ikkje stressar seg opp, ein må forhalda seg roleg. Veremåten vil smitta over på dyra. Dersom ein gaper og skrik vil dyra bli stressa, men er ein heilt roleg vil det gå greitt.

Noko som er viktig med sikkerheitstiltak er at dei passar i praksis. Respondentane F og G har eit døme frå maskinhuset; “i maskinhuset der har me laga til ei sånn hylle ovanfor, der du kan setja inn sånn småting med mindre reiskapar (...) og då løfter du det opp med lesseapparat og sett det oppå der, men der er det jo ikkje samtidig noko rekkverk utover for då øydelegg du jo den, (...) det blei jo farleg på den måten så det var ein diskusjon lenge korleis me skulle løysa det”. Det blei etterkvart satt opp ei grind der trappa gjekk opp slik at ikkje kven som helst kunne gå utpå hylla.

Respondent A snakkar om at tiltak må vera hensiktsmessige og at “du kan ikkje laga så mange sikkerheitstiltak at garden ikkje fungerer”. Dette tek også respondent E opp på spørsmål om det opplevast at det å følga alle slike sikkerheitstiltak kan gå ut over fridommen til å organisera arbeidet slik ein vil. “Dersom du skal gå heilt etter boka så kan me nesten ikkje gjer nokon ting, det stoppar nesten sjølv då, så det er klart me ligg nok litt i yttergrensa til tider”. Respondent H påpeiker at noko som er utfordrande med sikkerheit på ein gard er at det er ein heil haug med operasjonar, slik at det vil vera ganske krevjande å sikra alle. Ein gjer ikkje det same arbeidet ei veke i strekk, og det blir veldig mange ulike operasjonar som må sikrast.

Tid går ikkje alltid hand i hand med sikkerheitstiltak og dette var noko fleire av bøndene tok opp. Enkelte tiltak tek lenger tid og gjer at det vil gå ut over arbeidet. Respondent D har ein sikringssele liggande som kan brukast ved arbeid i høgda eller på kantar. Den blir brukt når respondenten sjølv meiner at det er nødvendig. “Det er jo ein heftelse å finna det fram å begynna å bruka det og (...) det tar meir tid å få den på deg og finna ut av kvar alle selane skal og hekta i saman”. Respondenten ser likevel at det vil vera enklare når ein har brukt den nokre gonger.

Respondent B tek også opp tid i eit døme som nemnes på slutten av intervjuet, i forbindelse med dagens arbeid. Respondenten dreiv med klipping av ammekyr. “Dei står jo på bås så har eg teke vekk ei (ku) også flyttar eg opp slik eg har ein ledig bås mellom. For eg går ikkje mellom to av dei og det er jo med tanke på sikkerheita at eg skal overleva den klippinga. Som regel er det ikkje nødvendigvis dyret du klippar som er farlegast det er den bak deg, sett ho bakenden etter deg og kjem du borti ho så kjem bakfoten, det er mange som har vakna på gangen. (...) men det tar jo lenger tid for du må tross alt flytta”.

Dokumentering

Dokumentering er ein del av sikkerheitsarbeidet bøndene må driva. I intervjuet med respondentane er det blanda følelsar til dokumentering. Dei fleste ser nytta i det, men opplev det samtidig tungvint. Respondent A er positiv til HMS-arbeid generelt, men ser også at for eigen del kunne det vore betre, “der har eg nok eit stort forbettringspotensiale, eg kunne nok konkretisert ting litt meir ned på eit papir”. Respondent E seier om KSL sin eigenrevisjon at den kan vera litt “tunggrodd”. Ein må bruka alt for mykje tid på kvalitetssikring, men likevel er det

heilt greitt, og noko alle må gjer. Respondenten fortel vidare at dei pleier å fylla ut skjema for opplæring på maskinane, men at risikoanalysar ikkje blir laga. Fordi det vil ta “eit hav med tid” å gjera for alle arbeidsoppgåvene. “Dersom me skal gjer det for kvar ein jobb me skal gjer på ein gard, så er jo det så allsidig at me må ha ein eigen mann då som sitt og skriv alle desse papira”.

Respondent D snakkar om at dersom ein skal gjer alt til punkt og prikke må ein først planlegga arbeidet, dokumentera farlege faktorar og tiltak og deretter utføra arbeidet. “Det er jo slik papirarbeid som me veldig ofte hoppar veldig galant og fint over”. Det betyr likevel ikkje at dei ikkje har gjort seg ei vurdering i hovudet. Respondent B forstår intensjonen med å dokumentera, men seier at ein gjer seg vurderingar når ein skal gjennomføra arbeidet sjølv om det ikkje blir dokumentert. Dersom respondenten jobbar i fjøset og noko blir øydelagt så “seier det seg sjølv” at ein ikkje går inn og fyller ut eit papir før ein fiksar det.

Ein av respondentane som ikkje har opplevd så mykje som har gått ut over sikkerheita er respondent H; “det har i alle fall ikkje med papirarbeidet å gjer. Det har meir med (...) dersom du ser ein farleg situasjon så unngår du den og etterkvart så har du erfaring og veit når dei situasjonane kan oppstå”. Respondenten ser intensjonen med dokumenteringa og synes det fungerer godt som ei huskeliste, dette nemner også respondent F.

Respondent H og B har også eit inntrykk av at har ein kvittert på noko, er alt i orden og då er ein sikker. For H er begge deler viktige, dokumenteringa skapar bevisstheit og systematiserer ein del, mens eigne haldningar også er viktige for sikkerheita. “Begge delar er viktige, men eg synes tyngdepunktet kanskje er litt feil av og til”. Respondent B seier; “altså berre du har skrive papir så er det ikkje så farleg kva du har gjort eigentleg, det er liksom slik det er inntrykket. (...) Papira skal jo vera ein følge etter det du ser her, men for oss så verkar det som det er papiret som betyr noko”.

4.1.2 Empiri frå informant og dokument

Informanten trur nok at bøndene tenker på sikkerheit i kvardagen, sjølv om dei seier at ein må rekna med nokre skadar. Bøndene tener ikkje pengar på å gå sjukemeldt i fleire veker eller

månadar. Dei må då leia inn arbeidskraft, derfor vil alltid sikkerheita ligge i bakhovudet. Som informanten seier; “i det daglege så trur eg (...) dei tenkar på HMS og dei har det litt i bakhovudet om ikkje alltid det er like mykje på papiret som mange andre næringar ville hatt”.

Ovanfor dokumentering, nemner informanten at det er mykje meir papirarbeid i dag enn det var før. Landbruksnæringa kjem meir og meir under same lovverka som andre næringar. Bøndene må til dømes visa at dei har teke HMS-kurs og at tilsette har fått rett opplæring. Informanten har eit døme om opplæring av tilsette. Mange avløyssarar er under 18 år, men på bruk av farleg utstyr er det i lovverket ei 18års grense for handtering av slikt utstyr. I landbruket er det ein dispensasjon på dette. Dersom ein har ein signatur på at avløyssaren har fått god opplæring i bruk av det aktuelle utstyret kan dei bruka det. Dette er krav som må dokumenterast, slik at bonden som ansvarleg kan visa at avløyssaren har fått opplæring i arbeidet.

Informanten seier at bøndene gjer så godt dei kan og mange prioriterer så klart produksjonen først og fremst, også kjem HMS litt lenger bak. Det blir ein balansegang, og som oftast er tankane om sikkerheit der i det praktiske arbeidet. Det er likevel viktig å motivera til å få ned noko om HMS på papiret. Når dei ulike tilsyna er rundt på gardane kan det raskt bli avvik dersom dei til dømes ikkje har eit HMS-system.

Informanten påpeiker at ein har sett i andre næringar at ulykkesstatistikken har gått ned når det stilles meir krav. Derfor har dette også gjort at ein må forhalda seg til meir dokumentering i landbruket. Dette er også noko forsikringsbransjen sett større krav til. Bøndene må dokumentera meir og meir kva dei gjer, både ved risikovurderingar og tiltak. “Det er nok eit spøkelse for bøndene, dei følar litt stress med å dokumentera”.

“KSL-standard, HMS” består av ein rettleier og ei sjekklister. Dei har blitt analysert saman sidan begge skal brukast når ein eigenrevisjon skal gjennomførast. Standarden er forankra i lovverket og bygger på internkontrollforskrifta. Den består i alt av tolv kapittel med ulike underkapittel. Kvart kapittel har ei liste over dei lovane og forskriftene dei er bygde på. “HMS standarden i KSL er eit verktøy for å skapa sikkerheit, godt arbeidsmiljø og trivsel for alle på garden” (KSL, 2016, s.2). Rettleier og sjekklister er oppbygd av same kapittelinddeling, der spørsmåla i

sjekklista blir betre spesifisert i rettleiaren. I sjekklista er spørsmåla delt inn i kva som er krav til dokumentasjon og kva som er krav til drifta. I alt er det sekstisju krav der tjue av dei er krav til dokumentasjon og førtisju er krav til drifta. Alle spørsmåla i sjekklista er enten lovpålagte eller næringas tilleggskrav, derfor må alle bøndene gjennom denne.

Nokre av dei mest relevante kapitela i “KSL-standard, HMS” blir kort presentert her. Det eine kapitlet handlar om fallfare og gjenstandar som kan falle eller velta. Her er det berre krav til drift, blant anna at ein skal sikra golv og gangareal, gjenstandar som kan falle, samt ha rekkverk og luker. Rettleiaren inneheld informasjon om dette. Til dømes at det skal være rekkverk “når det er fare for at personar eller gjenstandar kan falle ned” (KSL, 2016, s.4). Eit anna kapittel dreier seg om barn og ungdom på garden. Ein må gjennomføra risikovurderingar på kva arbeid dei kan gjer, samt at det skal være trygge område barna kan leika på. Vidare er det eit lengre kapittel om brannsikring. Nokre av krava i dette kapitlet er blant anna at ein skal ha tiltak ved varme arbeid, opne rømmingsvegar, brannsløkkingsutstyr, og ein skal trenast på evakuering. Rettleiaren har også råd mot brann som til dømes at ein bør ha orden på garden, kontroll på det elektriske, og ha brannvarslingsanlegg.

4.2 Risikopersepsjon og risikovurdering

4.2.1 Empiri frå respondentane

Fleire av bøndene er ikkje så opptekne av risiko i kvardagen, det er noko som alltid vil være der og dei går ikkje og tenkjer på det heile tida. Respondent C seier; “Det er klart at det er jo alltid ein risiko, men det er jo heile tida når du arbeider med dyr og maskinar altså så det er jo alltid risiko. Den lever du jo med sånn sett kvar dag, men det er jo ikkje noko du går og tenker på”. Også respondent A meiner det ikkje er noko ein tenker på i det daglege, men nemner også at med dei systema ein har i dag er det mykje meir sikkerheit. I enkelte situasjonar kan ein fjerne risiko på førehand, som til dømes å gå over til å bruka eit stoff som ikkje er etsande når ein skal pressa rundballar. Respondent E kjem også med eit poeng; “det å være bonde det er jo ein livsstil, det er ikkje eit sju til tre arbeid for då kan du berre pakka saman hovudet når klokka (...) er tre og gå heim, det er jo ikkje slik det fungerer, det skjer alltid eit eller anna”.

Faktorar som kan påverka risikovurderingar

Eit av spørsmåla under intervjuar dreidde seg om kva respondentane fryktar mest, eller er mest redd for skal skje på garden. Her var barna ein faktor som ofte kom opp hjå dei respondentane som har barn eller barnebarn. For respondent C var dette tilfellet og spesielt når barna var mindre. “Då passa me jo på særleg i slåttan og slike gonger når det var mykje traktorar ute og det var mykje folk i gang, enten at dei rett og slett satt i ein traktor at du visste kvar dei var eller at dei haldt seg heilt vekke”. No er ungane blitt større og kan passa betre på seg sjølv slik at det ikkje er like store bekymringar lenger. Respondent B er også spesielt oppmerksom ovanfor barna når det er traktorar med i biletet; “eg vil heller ha barna med meg oppi traktoren enn rundt ute”. Det å gå igjennom ulike ting som barna ikkje får lov til er noko respondent A snakkar litt om; “me har vært igjennom og gitt beskjed om kvar ein skal passa seg og at ein ikkje skal finna stige for å kikka oppi gjødselkummen, og dette med luker og passa seg for kvar ein kan detta og slikt”.

For respondent E som bur i eit område der det er mykje barn, er påkøyrse noko som respondenten er redd for. Derfor får eigne barn to val når det er mykje arbeid med traktor og maskinar; “når me held på i til dømes vårvinna og slåttan då er det enten å jaga heim alle andre barn også får dei bli med sjølv i traktoren, eller så er det berre å væra oppe i hagen, der har me eit lukka område, eller så er det vekk dei får ikkje væra her i det heile”. Noko som både respondent A og E snakkar litt om er at det å få barn kan i seg sjølv snu tankegangen, og ein tenker meir sikkerheit. Fordi ein blir oppteken av at noko kan skje med dei ein har rundt seg. I tillegg blir eigen sikkerheit viktigare fordi ein vil koma inn og eta middag med familien.

Som nemnt tidlegare er det ulikt kor mykje og kva respondentane har opplevd. Nokon reflekterer også litt over korleis dette påverkar dei vurderingane dei gjer om risiko. Respondent B nemner fleire døme, blant anna det å vitna ein som øydela handa si som mekanikar, og det å væra med i oppryddingsarbeidet etter ein brann. Respondenten hadde også ei ulykke under klauvhogging som har gjort at det blir tekne meir forhandsreglar i ettertid, “då skar me sjølv, hadde ho inni ein slik gammal klauvboks, så skulle eg pussa med vinkelsliparen også spente kua rett i vinkelsliparen så køyrte eg den rett inn i foten på innsida av låret (...) eg tok ned dressen og såg den hadde gått inn i foten”. Respondenten knyta eit tau rundt foten, fekk kontakta ambulansen,

og det gjekk godt til slutt. Til tross for eit ganske stort sår som måtte bli sydd, og i tillegg til at det gjekk betennelse i det etterkvart.

F og G synes det er viktig å læra av erfaringane ein får, og lærer noko nytt heile tida. Respondent G; “me blir jo flinkare når me får litt meir, som naboen seier når me får litt meir i harddisken, når me får litt opplevingar”. Eit døme med ei ulykke som har gitt dei erfaring er då respondent G fekk eit sår i foten etter å ha fått eit kutt i innredninga hjå stutane. Dei reinsa såret, og det såg greitt ut. Etter nokre dagar hadde foten likevel hovna så opp at respondenten måtte inn på sjukehus. Der fann dei ut at det var ein stafylokokk infeksjon som var vanskeleg å bekjempe. Også her gjekk det godt til slutt, og etter operasjon blei respondenten etterkvart friskmeldt. I ettertid er dei mykje meir oppmerksame på kor farleg det kan vera med antibiotikaresistente bakteriar. Som respondent F seier “det er jo slike episodar som gjer at ein trekk litt konklusjonar og du får ein del erfaring”. No har dei liggande fyselinsalve i førstehjelpsskapet i fjøset, slik at dei raskt kan reinsa eventuelle sår og kutt.

Dei av respondentane som ikkje har opplevd så mykje tek likevel med seg erfaringar frå situasjonar som har vore truande. Slik at dei tenker gjennom det to gonger neste gong dei står i same situasjonen. Respondent D trur også det vil koma litt ann på situasjonen “i mange tilfelle så vil du kanskje få skjelven og litt skrekken der og då, også går det eit døgn også går det ei veke også går det ein månad, også begynn du å gå tilbake til same gamle vanar igjen”. Nesten-ulykker kan også gjera at ein blir meir oppmerksam i ettertid, noko respondent H erfarte; “når eg køyrte på beite ein gong, då datt eg, altså køyrte over ein stein også datt bakhjulet ned på andre sida av steinen og då var det nære på noko, altså då var eg uoppmerksam”.

I intervjuet fekk respondentane spørsmål om dei blir meir oppmerksam på ein type risiko eller ein fare dersom dei ser det i media eller om nokon dei kjenner opplev noko. Her svara dei fleste at dei blir litt påverka og meir bevisst på korleis dei sjølv har det på eigen gard. Respondent C påpeiker at ein blir meir bevisst fordi ofte gjer ein ting av gammal vane. Slik at når ein les om det eller snakkar med andre oppdagar ein at slik kunne ein gjort på eigen gard også. Respondent E seier; “eg tenker med ein gong korleis har me det, kva kunne ein gjort betre kva kan eg gjer

betre”. Likevel er arbeidet så mangfoldig at det er ikkje sikker ein veit kva situasjon ein er i, til tross for at det er same arbeidet.

For respondent A er kyr som går med kalv eit døme som visar korleis ein blir meir oppmerksam; “...det har eg på ein måte sett eller lese om i media. Folk som har blitt skamprylt av kyr fordi berre på grunn av at dei var inne og tok litt på kalven, skulle merka kalven eller kva det var. Så det er klart i slike situasjonar så har eg blitt mykje meir vaken”. Respondenten har også snakka med andre som har opplevd å bli angripen av ku. Respondent H snakkar også om at ein blir meir bevisst sine eigne rutinar, når ein les om noko i media; “du analyserer det ut frå korleis du har det, med kva du gjer, stemmer det med dine rutinar?”. For respondent B vil media ikkje ha så mykje påverking anna enn dersom det handlar om nokon ein kjenner. Då er det ikkje så fjernt og det kjem nærmare på deg.

Risikovurdering i arbeidsoppgåver

Til tross for at bøndene ikkje dokumenterer og skriv ned risikoanalysar, gjer dei seg ofte risikovurderingar både før og under arbeidsoppgåvene. “Eg tek ein form for risikoanalyse før eg til dømes kappar ein røyr med vinkelsliparen. Kva skjer når denne er kappav? Dett den der eller skjer det noko anna dumt?”, seier respondent A. Dette blir gjort spesielt dersom det ikkje er rutinearbeid som skal utførast. Også respondent H og E tek risikovurderingar med å tenka på om ein beveg seg inn i ein farleg situasjon med å “ta eit steg til”. Dette er vurderingar ein ikkje berre gjer før eit arbeid, men også under arbeidet.

Alle respondentane fekk spørsmål om det hender at dei fortsett arbeidet til tross for at dei ser at det kan vera farleg. Dette var noko alle respondentane ganske kjapt svara ja på. Ofte blei dette grunnlagt med at det kjem litt ann på situasjonen, men at jobben må gjerast uansett. Som respondent B seier; “du skal jo gjer den jobben, ja også må du i grunnen sikra deg så godt du kan. Det er i grunnen det einaste du kan gjer”. Derfor blir heller situasjonen vurdert heile tida undervegs, for å sjå om det kan vera andre måtar å gjennomføra arbeidet på. Tabell 3 visar døme frå tre av respondentane som blei brukt til å forklara at fleire gonger må arbeidet berre gjerast, også må ein heller tilpassa seg.

| Farlege arbeidsoppgåver | Tilpassingar dei gjer seg |
|--|---|
| Arbeid i høgde | Ein er fokusert og vurderer heile tida situasjonen. Tenker på korleis ein skal koma seg ut av situasjonen dersom noko uventa skjer. |
| Hausta gras med traktor og utstyr i bratt bakke. | Passar fyrst og fremst på å bruka sikkerheitsbelte. Planlegge korleis ein skal køyre, justere dersom det ikkje fungerer. |
| Stutar som har kome seg laust | Det er farleg å la dei gå laust. Er ingen fasitsvar på korleis ein løyser det, og ein må finna tryggast måte. |

Tabell 3: Døme på farlege arbeidsoppgåver og korleis respondentane tilpassar seg.

4.2.2 Empiri informant og dokument

For informanten handlar risiko om å sjå samanheng mellom kva som kan skje, og kva sannsynlegheiten og konsekvensen vil vera. Ofte tenker ein at fare og risiko går ut på det same, men det å vurdere situasjonane og sjå gevinsten med å vera litt føre var vil vera viktig. Mykje av kjeldene til risiko på gardsbruka i dag seier informanten kjem av at bøndene har meir arbeidspress på seg. Ein har store maskinar og utstyr, det er trangt og uoversiktleg, og ein sitt gjerne fleire timar i strekk på maskinen. Også handtering av dyr vil ha ein større risiko. Det er ikkje alltid ein kan lesa dyra skikkeleg. Det er viktig å vurdere rømmingsvegar og tenka førebygging med drivgangar. “Eg trur at det med handtering av dyr og produksjon med store maskinar og mykje jordarbeid er nok ein grunn til at det skortar litt og går ut over sikkerheita”.

Informanten nemner også at bøndene bekymrar seg meir over at noko skal skje med tilsette og andre som jobbar på garden. Dei har eit ansvar. Til dømes har informanten fått fortalt at nokon seier “dei heisar opp silofôr og legg til rette og køyrar inn rundballar, og gjer klar i fôrutleggaren og slikt, at det er berre for avløysaren å trykka på knappen”.

I “KSL-standard, HMS” er det eit eget kapittel som heiter “vernerunde, risikovurdering, tiltak og rutinar”. Her er det to krav til dokumentasjon. Det eine er rutinemessig vurdering av risiko i arbeidsoperasjonar på garden. Det andre er rutinar for å gå ein vernerunde med familie og tilsette på garden. Det første kravet dreier seg om risikovurdering og “arbeidsmiljøloven krev at alle verksemdar skal kartlegga risikoen på arbeidsplassen” (KSL, 2016, s.3). Rettleieren påpeiker tre sentrale spørsmål ein bør stilla seg, som er kjernen i risikovurderinga. Kva kan gå galt, kva kan gjerast for å forhindra dette, og kva kan me gjera for å redusera konsekvensane dersom det skjer (KSL, 2016, s.3). Det andre kravet dreier seg om vernerunde, noko som er viktig for å belysa risikoområde på garden. Når ein skal gjere dette tek ein utgangspunkt i “KSL-standard, HMS” og tek med familie og tilsette på ein fysisk runde på garden. På denne runden skal alle sjå etter og notera seg det som utgjer ein fare, samt tiltak og fristar for å utbetra dette.

KSL har på sine heimesider eit skjema for risikoanalyse av arbeidsoppgåver som bøndene kan bruka (sjå vedlegg E). Det blir også tipsa om dette i “KSL-standard, HMS”. Dette er eit skjema som kan ligga tilgjengeleg og utfyllast før ein arbeidsoppgåve. Her skal ein namngje arbeidsoppgåva og den som skal analysere, og vidare fylla ut fem kolonnar. I den eine fyller ein ut farekjeldene ved arbeidsoppgåva og identifisert risiko. I neste kolonne rangerer ein sannsynlegheiten for skade frå ein til fem. Deretter rangerer ein konsekvens av skade frå ein til fem, kva kan skje. Den fjerde kolonnen er viktigheit eller prioritet der ein skal ganga sannsynlegheiten med konsekvensen. I siste kolonne skal ein notera ned kva som kan gjerast for å redusera konsekvensane, altså kva forebyggande tiltak ein kan gjera.

4.3 Beredskaps arbeid

4.3.1 Empiri frå respondentane

På spørsmål om kva respondentane tenker er god beredskap, kan ein både sjå likskapar og forskjellar. To av dei er opptekne av å ha orden og veta kvar ein kan finna det ein kan trenga. Respondent A; “god beredskap for meg det er vel kanskje først og fremst så må du ialfall vite kvar alt som du eventuelt treng i ein krisesituasjon er”. Her nemnes det døme med at ein bør vita kvar ein kan finna sikkerhetsdatabled, brannsløkkingsapparat, stoppekranar, og sikringsskap. Det heng også saman med at ein har orden på garden, og dersom noko ikkje er i orden, må det fiksast, enten det er noko ein kan fiksa sjølv, eller til dømes få ein elektrikar til å gjera. Dette er

også noko respondent E ser på som god beredskap. Det er viktig at ting heng der dei skal henga, klart til bruk. Som til dømes brannslökkingsapparat, brannteppe og førstehjelp.

To av dei andre respondentane sett god beredskap i samanheng med tilgjengelegheit. Respondent D nemnar først at ein alltid må ha telefonen tilgjengeleg når ein arbeider aleine. Vidare snakkar respondenten også om viktigheita av at nokon som kjenner garden er tilgjengelege; “både eg og far kjenner jo garden her såpass at berre så lenge ein av oss er tilgjengelege så er det ikkje så galt, men det er klart det at er me bortreist begge to så er beredskapen sånn sett ganske svekka”. Dette er også respondent C oppteken av, i tillegg til viktigheita av å ha rutinar og “til å ha ting skrive ned på ein slik måte at folk utanfrå kan koma inn og utføra det arbeidet som du skulle gjort sjølv, men er forhindra i”.

Andre av respondentane tenker at god beredskap handlar om å tenka igjennom på førehand kva ein skal gjera. Respondent B; “du må ha gått gjennom ein plan på korleis du vil gjera, altså kva vil eg gjer dersom det brenn til dømes”. Også respondentane F og G tek opp at ein må tenka på kva som kan skje og kva konsekvensane kan bli, til dømes ved brannalarm, straumbrudd, eller dersom vatnet forsvinn. I slike situasjonar må ein ha klart for seg kva ein skal gjera. Dette blir også ei slags førebygging, noko respondent H er veldig oppteken av. På den eine sida førebygging gjennom opplæring og rutinearbeid, “den opplæringa du gjer til avløyssarar eller eigne barn eller noko slikt, altså det med å få inn rutinane, det med å på ein måte få dei til å sjå etter faresituasjonar, det til å forklara dei at dersom du gjer slik så kan det oppstå. Eventuelt dersom noko skjer, kvifor skjedde dette, det er jo og ein slags beredskap”. Og på ei anna side førebygging gjennom det ein sjølv gjer. Dette visar han med eit døme han tok opp tidlegare i intervjuet. Før han skulle køyra med traktoren på eit beite som er veldig bratt og ulent gjekk han rundt og såg etter dei tryggaste stadene å køyra.

Beredskapsplan

Gjennom intervju blei det raskt oppdaga at bøndene ikkje har ein beredskapsplan i form av eit dokument med ulike faresituasjonar og kva ein bør gjera ved ein slik situasjon. Derimot var beredskapskart noko alle snakka om i forbindelse med beredskapsplan, uavhengig av om dei hadde eit kart eller ikkje.

Nokre av respondentane har eit eller fleire beredskapskart som heng i ein driftsbygning på garden. På dette har dei ei skisse over garden med dei ulike bygningane. Det er merka av kvar ein kan finna ulike ting som brannsløkkingsapparat, sikringssskap, hovudkranar, og førstehjelpsskrin. F påpeiker at det også står viktige telefonnummer på plakaten. Respondent E har kart hengande inne i driftsbygningen, men reflekterer også litt over det å ha dei på utsida. “Det er klart det hadde kanskje vært ganske tøft å ha dei hengande på utsida slik at andre også kunne sett det, dersom det er nokon forbigåande som ser eit eller anna så kan dei sjå på kartet kvar ting er”. Respondentane F og G har eit kart plassert ved kontoret i fjøset og eit i grishuset. I nærleiken er det også plassert førstehjelpsskap. Dette har dei hatt ein gjennomgang med avløyssar om.

Respondent B har fylt ut eit slikt kart i papirform, men synes ikkje dette er godt nok og vil ha eit fint eit laga i pleksiglas, som ei bedrift på Jæren lagar ut frå situasjonskartet av garden. Det har også blitt bygga eit nytt fjøs på garden, og i forbindelse med dette seier respondenten at “eg har iallfall lagt planane på at slik vil eg ha det så nå når eg er ferdig å byggja så skal eg ha ein skikkeleg beredskapsplan, altså slik kvar kan dei finna vatn til å slukka med og alt dette her”.

To av respondentane har ikkje eit slikt konkret kart over garden, men ser likevel hensikta med det og kunne tenkt seg eitt. Dei påpeiker at grunnen til dei ikkje har ein plakat, ofte har å gjera med tid og interesse. Som respondent D seier “Det er vel mykje det at far har ikkje hatt ein skikkeleg beredskapsplan utarbeida og no har eg drive (garden) i eit godt år, og det er nok av ting å ta tak i, den har ikkje vore av det som har stått høgast oppe”. På spørsmål om respondent A nokon gong har hatt brukt for ein beredskapsplan tek han dette som respondent D seier litt vidare “det er jo det som er utfordringa generelt sett at der er nok av ting å gripa fatt i, og då skyver ein kanskje slike ting som ein ikkje har så stor interesse for eller ikkje har så mykje fokus på, framfor seg”. Det er ikkje før ein står i ein spesiell situasjon at ein ser at det kunne vore nødvendig.

Same respondent nemnte også som sett tidlegare at det er viktig at ikkje berre ein sjølv veit kvar ting er, men også at andre får denne kunnskapen. Dette er noko som kan gjerast med å laga ein

beredskapsplan; “det er litt med det til å få slike ting på papiret og det har eg, men det kunne vore mykje betre meir oversiktleg og mykje meir tilgjengeleg. Fordi det er jo også litt at til å ha ein beredskapsplan i ein perm til dømes det er greitt nok det, men då er det ikkje så mange andre som veit om den”.

Trening og øving

Ingen av respondentane har foreløpig hatt ein planlagd beredskapsøving, som til dømes brannøving. Nokre av dei har likevel snakka med familien om å ha brannøving med barna, eller snakka med dei om kvar dei skal møtast ved brann, og at dei ikkje må springa inn der det brenn. Respondent E held også på å planlegga ei større brannøving med alle som bur på garden “både store og små”. I forbindelse med at alle brannsløkkingsapparata blei bytta ut på garden skal dei gamle brukast i øvinga; “ me skal gå igjennom brann og rømingveier og slikt også skal me prøva alle dei brannsløkkingsapparata”.

Det er fleire av respondentane som med ein gong tenker på dyra si rolle i ei øving og korleis dette kan vera utfordrande å få til. Respondent H er ein av dei som snakkar om dette; “det er ganske omfattande det å få ut hundre dyr, ser ikkje heilt føre meg det (...) og det andre er på ein måte at du må gjer det ganske ofte dersom det skal fungera, det er det som er problemet fordi at dersom det blir brann så blir dyra skremt og då rymar dei inn i det kjente”. “(...) og dersom me skal ha ei brannøving så vil du aldri få fram det at dyra er redde på grunn av at det brenn”. Dei ulike respondentane har likevel tenkt litt gjennom korleis dei ville gjort dersom det skulle brenne. I lausdrift fjøsa er det store dører som kan opnast slik at dyra kan springa rett ut. I båsfjøs er dette vanskelegare sidan alle dyra er bundne fast. Respondent B har liggande ei hekksaks ved brannsløkkingsapparatet i båsfjøset slik at ein kan få dyra raskare laust. Med griser er det vanskeleg fordi, som respondent C seier, grisene spring heller inn igjen. Dei fleste respondentane nemnar også at det vil avhenga av kvar det brenn og kor mykje. Dei risikerer ikkje eige liv for å redde dyra.

Respondentane F og G har opplevd både straumbrudd og vore utan vatn, noko som har gjort at dei har tenkt litt på kor sårbare dei kan vera og kva som burde gjerast i slike situasjonar. Då dei var utan vatn var det fordi nokon hadde gravd over ein vannledning. “Det var tomt for vatn, og

då var det ikkje mange timane (...) før kommunen kom med vanntank og me hadde tilgang til vatn, og då sa dei det at gardsbruk behandlar me på same måte som ein institusjon”. På grunn av dyrevernhensyn. Dette har gjort at dei har slike situasjonar litt i bakhovudet, men at dei ikkje går og tenker mykje på det heile tida.

Respondentane hadde også forslag til kva som er viktig å fokusera på for å få endå meir fokus på beredskap i landbruket. Tabell 4 oppsummerar nokre av desse tiltaka. Dei er presentert uavhengig av om det er noko som allereie blir gjort.

| Respondentane sine forslag til korleis ein kan få meir fokus på beredskap |
|---|
| - Bevisstgjerjing, spre gode haldningar |
| - Det må vera frivillig, slik at det ikkje opplevast som tvang |
| - Fokusera på det praktiske |
| - Teori om sikkerheit og beredskap på landbruksstudie |
| - Skrive i medier, noko som kan fange blikket |
| - Eit kvarter til ein halvtime informasjon om beredskap i forbindelse med andre møter |
| - Fortsetta med kurs i ulike faglag, som HMS-kurs og “Tryggare saman” |
| - Få det inn i rutinar slik at det går meir automatisk |

Tabell 4: Respondentane sine forslag til korleis ein kan få meir fokus på beredskap.

4.3.2 Empiri frå informant og dokument

Informanten påpeiker at det er eit krav at ein skal ha ein beredskapsplan på garden. Dersom dei ikkje har det når det kjem tilsyn, kan det raskt bli eit avvik. Informanten påpeiker også at nokre bønder ikkje er opptekne av å ha ein beredskapsplan, fordi det berre er bonden og familien som er på garden. Det er viktig å få dei til å sjå viktigheita av å ha ein beredskapsplakat slik at til dømes brannvesenet lett kan orientera seg, eller at forbipasserande kan finna eit nummer å ringa dersom nokre dyr har kome seg laust.

Denne beredskapsplakaten er noko av det informanten kan hjelpe bøndene med å utarbeida og som nokre av bøndene har nytta seg av. Det er også eit firma på Jæren som kan laga ein plakat på ei stor plate, som toler vêr og vind. Der vil det vera avmerkt på kart kvar sikringsskap, brannsløkkingsutstyr, drivstofftankar og slikt kan finnast. Derfor er ein slik plakat hovudfokuset når det gjeld det å ha ein beredskapsplan.

I tillegg til denne beredskapsplakaten påpeiker informanten viktigheita av å informera dei som arbeider på garden kvar ting er plassert og også ta med heile familien i planlegginga. Slik kan dei vera ein “backup” i tilfelle bonden sjølv ikkje er tilgjengeleg. Informanten nemnar også at dei prøvar å motivera bøndene til å ha brannøvingar saman med familien, der dei får prøva brannsløkkingsapparat og sjå kva ein må gjer dersom det skulle brenna.

Eit av dei siste kapitla i “KSL-standard, HMS” heiter beredskapsplan, ulykkeshandtering, krisebistand og rapportering. Her blir beredskap definert som “å ha tenkt gjennom korleis ein best kan handtera brann, personskadar, dødsulykke og andre ulykke som kan oppstå” (KSL, 2016,a s.17). Det er to krav til dokumentasjon. Det eine er å utarbeida ein beredskapsplan, og det andre er rutinar for rapportering av skadar og ulykker. I tillegg er det fem krav til drifta; at alle på garden er kjent med beredskapsplanen, at det er førstehjelpsutstyr lett tilgjengeleg og førstehjelps kompetanse på garden, samt rutinar for krisehandtering eller produksjonsavvik. På det siste punktet skal ein krysse av for om det siste året har vore fritt for personskadar.

I “KSL-standard, HMS” vises det til at ein kan lasta ned ein beredskapsplakat på heimesidene til KSL, som kan fyllast ut og hengast opp i bygningane på garden (sjå vedlegg D). Denne gjer ein oversikt over garden og det som kan vera viktig i ein beredskapssituasjon. Det er eit eige område der ein kan teikna inn ei skisse over garden og alle bygningane. På denne skissa skal det merkast av viktige punkter. Plakaten foreslår til saman fjorten ulike punkter, men har plass til fleire. Døme på nokre av desse er sikringsskap, stoppekrantar, brannsløkkingsutstyr, og drivstofftankar. Det er også ei liste over viktige telefonnummer ein kan fylla ut, som til dømes nødnummer, gifthinformaasjon, naboar, nødslakt, og røyrleggar. I det eine hjørnet finn ein ei rute med viktige rutinar ein bør ha ved ulike beredskapssituasjonar.

På fleire nettsider, blant anna KSL sine, kan bøndene finna ei oppskrift på korleis ein kan utarbeida ein beredskapsplan (sjå vedlegg C). Dette er eit dokument som i hovudsak består av sju punkter. 1. Laga ei skisse på beredskapsplakaten. 2. Deretter laga ein oversikt over kvar og når ting skal skjekkast. Som til dømes brannvarsling og el-kontroll. 3. Risikovurdering, kva gjer eg dersom? Med åtte døme på ulike situasjonar, som brann, ulykker, sjukdom eller streik. 4-6. Forslag til kva ein skal tenka på og gjera ved brann, ulykker med personskadar eller ved feil på levert vare. 7. Spesielle situasjonar som krev ekstra sikkerheit.

5.0 Analyse

I dette kapitlet vil først forskningsspørsmåla bli drøfta med å trekka linjer mellom presentert teori og innsamla data. Dette vil bidra til å svara på problemstillinga; *Korleis opplev bonden sikkerheit og risiko, og korleis påverkar dette beredskapen på garden?* Som vil bli drøfta og svara på til slutt i kapitlet, og ledar til prosjektets konklusjon.

5.1 Kva utfordringar opplev bøndene med sikkerheit?

I datamaterialet har det utpeika seg nokre utfordringar bøndene opplev med sikkerheit, men først kan det vera hensiktsmessig å sjå nærmare på bondeyrket, og det som dannar grunnlaget for utfordringane. I andre yrke har ein fast arbeidstid, og deretter resten av tida fri. Mange stader er ein del av ein større organisasjon der alle har ulike arbeidsoppgåver. Å jobba som bonde er også eit yrke der ein kan tilsetja andre personar, ein må halde seg til mykje av dei same lovane, følga opp visse krav, og i samsvar med Reason (1997), finna ein balanse mellom sikkerheit og produksjon. På ei anna side skil likevel bondeyrket seg frå andre yrke, og som ein av respondentane sa “det å vera bonde er jo ein livsstil”. Det er mykje meir enn ein åtte til fire jobb, her er det lange arbeidsdagar, ein er på jobb heile døgnet og mange gonger både i vekene og helga. Det er berre ein person som skal organisera alt og ein har kanskje berre nokre få tilsette. Det er alltid mykje som skal gjerast, noko som kan skapa tidspress. Skilnadar kan ein derfor sjå, men sikkerheit er like viktig her som i andre yrke og er noko bøndene har liggande i bakhovudet. Informanten påpeiker at i andre næringar har ein sett at ulykkesstatistikken går ned når det stilles fleire krav, dette har også smitta over på landbruket, og i dag må bøndene forhalda seg til mykje meir dokumentering enn det dei gjorde før. I “KSL-standard, HMS” finn ein dei krava bøndene må forhalda seg til ifølge lovverket, her er det både krav til dokumentasjon og krav til drifta. For det meste er respondentane positive til standarden og synes den fungerer greitt som ei huskeliste dei går igjennom ein gong i året, men det er færre av dei som jobbar systematisk med HMS på gardsbruket i kvardagen. Noko ein også såg i undersøkinga frå 2011-2015 (Follo et al., 2016, s.76). Ein kan spørje seg kvifor det er slik og det er her utfordringane med sikkerheita kjem inn. For å belysa utfordringar er det brukt ei tilnærming til sikkerheitsdilemma. Andre utfordringar blir ikkje ekskludert, men her er fokuset spesielt på to; dokumentering og sikkerheitstiltak.

Dokumentering

Ifølge Olsen et al., (2007) kan det oppstå ulike dilemma som kan påverka sikkerheita. Eit av desse er mellom sikkerheit og fridom, fordi med full sikkerheit har ein ingen fridom, og med full fridom har ein lite sikkerheit. Denne balansegangen kan vera komplisert, og det kan derfor oppstå dilemma. “KSL-standard, HMS” er eit dokument som skal skapa betre sikkerheit på gardsbruket og dersom ein følger krava kan ein moglegvis oppnå dette, men dokumenteringa kan vera spesielt utfordrande. Dette fordi bøndene kan oppleve meir fridom til å gjer arbeidet som dei ønsker i praksis, dersom dei ikkje treng å dokumentera alt. Fleire av respondentane synest dokumenteringsdelen er tungvint fordi det tek lengre tid og gjer meir arbeid. Nokre opplev også at tyngdepunktet er litt feil av og til, fordi det verker som at berre ein kvitterer på papiret så vil ein vera sikker, også er det ikkje så farleg kva ein har gjort i praksis. Derfor kan det seiast at det kan oppstå eit dilemma mellom sikkerheit i form av dokumentering og fridom til å organisera og gjennomføra arbeidet. På ei anna side kan det virka som at respondentane sjølv ikkje ser det på denne måten. Dei kan heller “hoppa galant og fint over” dokumentasjonsdelen utan at det opplevast som eit dilemma. Ein kan kanskje seie at dei då vel fridom over sikkerheit, men dette treng ikkje vera tilfelle. Som oftast har dei tankar om sikkerheita med seg i bakhovudet og gjer seg opp vurderingar både før og under arbeidsoppgåva. I undersøkinga frå 2011-2015 fann dei også at bøndene ofte tenker meir sikkerheit i praksis enn at dei følger opp dokumentasjonen, og 41 prosent av bøndene meiner at HMS berre handlar om dokumentasjon (Follo et al., 2016, s.39). Om det er eit dilemma eller ikkje så kan ein iallfall seia at dokumentering ofte kan vera ei utfordring i praksis. Det har både positive og negative sider, og det gjeld å finna ein middelveg der ein kan bygga på dei gode haldningane bøndene har til dokumentering og bryta ned nokre av dei haldningane som gjer det utfordrande.

Sikkerheitstiltak

Ei anna utfordring som har vist seg i datamaterialet er ved sikkerheitstiltak, og sikring av dei ulike arbeidsoppgåvene. Engen et al. (2016, s.392) føreslår ei datostempling av tiltak, slik at ein kan testa dei ut. Dette er ikkje noko bøndene gjer, men dei tilpassar likevel sikkerheitstiltaka slik at det passar på garden og i deira kvardag. Lat oss sjå nærmare på eit døme frå ein av respondentane. I maskinhuset på garden er det ei slags hylle oppe på veggjen der det går ann å

sette mindre reiskap og anna småting. For å få det opp der må ein bruka traktor med lesseapparat. Ved sida av hylla går det ei trapp opp der ein kan koma ut på hylla. For å betra sikkerheita her vil eit rekkverk på denne hylla vera eit tiltak for å hindra at nokon kan detta ned dersom dei går utpå. I “KSL-standard, HMS” står det at det skal vera “rekkverk når det er fare for at personar eller gjenstandar kan falle ned” (KSL, 2016, s.4). Problemet er, påpeiker respondentane, at i dette tilfellet passar det ikkje i praksis fordi med eit rekkverk vil ein ikkje kunne sette på plass ting med traktoren, og heile hylla vil miste si hensikt. Dei diskuterte korleis dei skulle løysa dette og etterkvart blei det sett opp ei grind der ein kunne gå ut på hylla frå trappa. Slik kan ikkje kven som helst gå ut på hylla og dei fekk redusert risikoen. Dette dømet visar også korleis eit dilemma kan oppstå, og er i tråd med Reason (1997). Dei vil finna ein balanse mellom produksjon og sikkerheit. Dersom dei hadde satt opp rekkverk kunne det gått ut over effektiviteten og produksjonen, men utan rekkverk går det ut over sikkerheita. Dømet visar korleis dei løyser ei slik utfordring og tilpassar det slik at det kan fungera i praksis.

Som sett i figur 2a, og 2b, til Reason (1997) er det eit komplekst forhold mellom sikkerheit og produksjon. For å auka sikkerheita vil ein ofte setta inn ulike sikkerheitstiltak, som vil fungera i ulik grad. Desse kan ha negative konsekvensar for produksjonen, men utan dei vil sikkerheita kunne bli svekka. Den eine respondenten seier at ei av utfordringane på garden er at ein ikkje berre har éin operasjon som skal gjennomførast, men mange. Dette gjer at det blir vanskeleg å sikra alle. Når ein skal gjennomføra ulike arbeidsoppgåver må ein av og til ta snarvegane som kan gå ut over sikkerheita (Reason, 1997, s.4). For bøndene er det ikkje alltid tiltaka vil passa i praksis fordi det kan gå ut over effektiviteten, det kan ta meir tid og laga meir arbeid. Derfor tek dei av og til snarvegane. Respondent D har ein sikringssele som kan brukast under arbeid i høgda, og er eit tiltak for å hindra fall. Denne brukast av og til, men respondenten påpeiker at det er ein “heftelse” å bruka den fordi det tek tid å finna ut kvar alle selane skal heftast i saman, og korleis ein skal ha den på. Derfor kjem det ann på situasjonen om den blir brukt eller ikkje.

I tråd med Reason (1997) vil balansen mellom produksjon og sikkerheit vera noko som er nødvendig for å kunna driva ein gard. Informanten påpeiker at ofte kjem produksjonen i første prioritet, og så kjem sikkerheita litt lenger bak. Bøndene er likevel klar over viktigheita med sikkerheit, dersom dei skadar seg og ikkje kan arbeida vil det gå ut over produksjonen.

Respondent D er til dømes oppteken av at ein må unngå skadar som gjer at ein ikkje kan utføra arbeidsoppgåver over lengre periodar. Ein av dei andre respondentane nemner at dersom ein skal gå heilt “etter boka”, vil ikkje garden fungera. Derfor vedkjenner respondenten at til tider ligg ein litt i yttergrensa. I figur 2a til Reason (1997, s.4) kan ein dermed sjå at bøndene ofte vil ligga på undersida av “parity sona”. Respondentane ser behovet for sikkerheit, men mange gonger ligg dei likevel i yttergrensa med ein større fare for ulykker. Dette stemmer med at rasjonelle aktørar vil akseptera at ein har behov for ein viss grad av sikkerheit (Reason, 1997, s.4), men at det ofte er i kvardagen at ein vil stå ovanfor dilemmaet mellom sikkerheit og produksjon. Grunnen til at bøndene blir liggande i eine yttergrensa er at valet ofte fell på produksjonen.

Mindre prioritering av sikkerheit kan også ha med interesse å gjera. Nokon synes kanskje kontorarbeid er greitt, mens andre er meir interessert i fysisk arbeid. Respondent A nemnar at mange gonger er det så mykje som må gjerast at ein skyver den type arbeid framfor seg. Det er ikkje før ein plutseleg står i det, at ein ser at sikkerheitsarbeid skulle hatt litt meir fokus. Dømet til respondent A, visar korleis ein kan enda opp med det Reason (1997, s.6) kallar “the unrocked boat”, og at det er lett å gløyma å væra redd for noko som skjeldan skjer. Også respondent D kjem med eit poeng som visar dette; når ein står ovanfor truande situasjonar får ein litt støkk i seg der og då, men etter kvart som tida går slappar ein meir av og går tilbake til gamle vanar, dermed vil ein få ein “unrocked boat”.

Oppsummerande kan ein seie at utfordringane bønder kan oppleva, som blir tatt opp her, har samanheng med at landbruket ofte er praktisk retta. Samt at det å væra bonde er noko meir enn ein “vanleg” jobb, som beskrive i byrjinga av kapitelet. Det kan også handla om kva interesse dei har, alle folk er forskjellige, nokon likar kontorarbeid, nokon liker å arbeida med dyra og andre med maskinar og jordbruk. Derfor er ikkje alltid sikkerheitsarbeid første prioritet. Sjølv om dei ikkje alltid dokumenterer alt eller innfører alle slags tiltak så betyr ikkje det at dei ikkje synest sikkerheita er viktig, det er berre meir utfordrande.

5.2 Kva kan påverke opplevinga av risiko, og korleis vurderer bøndene risiko?

Utfordringane med sikkerheita kan opplevast i kvardagen, og bøndene må heile tida ta ulike val gjennom arbeidsdagen. Desse vala kan ha påverking på sikkerheita og kan ha både positive og negative konsekvensar. Som Renn (2008, s.1) påpeiker vil det å tenka på risiko hjelpe med å ta eit val. Begrepet risiko kan ha ulike meiningar og her er det hovudsakleg knyta til farar og truslar for sikkerheita (Slovic & Weber, 2002, s.3-4). Sidan forskingsspørsmålet er todelt, er dette kapitlet delt inn i to underkapittel og vil til slutt bli oppsummert saman sidan dei er nært knyta.

5.2.1 Risikopersepsjon

“Risikopersepsjon handlar om korleis folk flest forstår, opplev, og handterer risiko og farar” (Aven et al., 2004, s.40). Risikopersepsjonen til bøndene kan derfor ha noko å seie for dei haldningane og oppfatningane dei har til både sikkerheit og risiko på gardsbruket. Her har det hovudsakleg blitt identifisert fire faktorar som kan ha påverknad på risikopersepsjonen til bøndene. Det betyr ikkje at det ikkje er fleire, og med ein større studie er det også sjans for at meir enn fire faktorar kan identifiserast. I datainnsamlinga er det likevel desse som har utmerka seg, og som derfor vil bli nærmare undersøkt.

Den eine faktoren er barn og andre som arbeider eller oppheld seg på garden. Alle respondentane utanom ein har barn eller barnebarn som ofte er rundt på garden. Dette var noko av det første dei kom på når det var snakk om kva dei var meir redd for skulle skje. Frykta for sikkerheita til barna kan henga saman med kjensler. “Potensielle farar og truslar vil utløysa uro og bekymring, og på den måten vil ein kjenslemessig komponent bli involvert i persepsjonen av risiko” (Boyesen, 2003, s.15). Her vil ein derfor på den eine sida kunne seie at frykta for at nokon ein er glad i kan skada seg har påverking på korleis ein opplev denne typen risiko. Når ein bekymrar seg for at noko skal skje med barna påverkar det risikopersepsjonen og risikoen blir opplevd som høgare. Frykt er det Renn (2008, s.107) kallar ein risikorelatert karakteristikk og risikopersepsjonen blir påverka av risikokjelda, som i dette tilfellet er faren for at noko skal skje med barna. Ansvarsfølelse kan også henga saman med denne frykta ovanfor tilsette, og som informanten nemnte så er det fleire bønder som er redde for at noko skal skje med dei som er på garden fordi dei har eit ansvar for sikkerheita deira. Til dømes er det bønder som gjer klart alt for avløyseren med å heisa opp silo og leggja rundballar i fôrutleggaren, slik at avløyseren berre kan

trykka på ein knapp. På ei anna side kan ein også seie at det kan være ein situasjonsrelatert karakteristikk i form av personleg kontroll som påverkar opplevinga av denne type risiko (Slovic, 2000, s.224-225). Fleire av respondentane nemner at dei er meir redd når dei ikkje har oversikt over kvar barna er. Til dømes seier blant andre respondent B at dersom det skal køyrast traktor vil respondenten heller ha barna med i traktoren slik at ein veit kvar dei er. Dette kan seiast å auka den personlege kontrollen slik at opplevinga av høg risiko blir redusert, og er lettare akseptierbar, som er i tråd med Boyesen (2003, s.12). Respondent C rekna det også som ein større risiko då barna var små, no når dei har blitt større og ein veit at dei kan passa betre på seg sjølv slappar respondenten meir av, og ein kan sei at det er fordi ein opplev større grad av kontroll.

Den andre faktoren er erfaring. Blant respondentane var det forskjellig kor mykje erfaring dei hadde med ulykker og andre uønskte hendingar. Nokon hadde opplevd mykje, mens andre ikkje hadde opplevd noko særleg. Dette kan være påverka av kva respondentane hugsar og har tilgjengeleg i minne (Khaneman et al., 1982, s.11). Sjølv om nokre av respondentane hadde lite døme og ikkje snakka om så mange erfaringar dei har hatt, så vil ikkje det nødvendigvis bety at dei ikkje har det. Det kan være at dei ikkje kom på døme, eller ikkje ønska å snakka om det under intervjuet. Likevel kan det argumenterast for at den erfaringa ein har kan ha noko å seie for korleis ein opplever risiko. Renn (2008) tek opp bias i boka si, dette kan seiast å være ei skeivhet i tenkinga vår som vil påverka risikopersepsjon. Tilgjengelegheit er eit slikt bias og det handlar om at ein vurderer risiko ut frå det ein har tilgjengeleg i minnet. Khaneman et al. (1982, s.11), påpeiker at tilgjengelegheit kan bli påverka av kor framståande, eller nyleg tilfella er. Erfaringar kan derfor knytast opp til at ein vurderer noko til å ha større risiko enn noko anna, fordi erfaringane kan være spesielt framståande eller nylege. Respondent B opplevde ei ulykke då klauvene til kyrne skulle pussast. Den eine kua blei plassert i klauvboksen og respondenten sjølv pussa klauvene med vinkelsliparen. Då sparka kua i vinkelsliparen, og den gjekk rett inn i låret slik at respondenten fekk eit stort kutt og måtte hentast av ambulanse. Det kan argumenterast for at dette er ei erfaring som er spesielt framståande i minnet sidan det var ei alvorleg ulykke, og ein kan seie det har påverka korleis respondenten opplev risikoen med ein slik type arbeid. I ettertid har det derfor blitt teke meir førehandsreglar. Respondent G synest også det er viktig å lære av slike opplevingar og dess meir ein har på “harddisken” dess flinkare vil ein bli. Andre erfaringar kan også være like viktig, det treng ikkje berre være erfaringar med ulykker eller

uønskte hendingar. Også dei respondentane som ikkje har opplevd så mykje tek med seg lærdom frå arbeidsoppgåver og situasjonar som har vore truande. Slik at neste gong dei står i same situasjon tenker dei seg om to gonger. Her vil også tilgjengelegheita slik Khaneman et al. (1982, s.11) nemner det ha noko å seie for korleis risikoen blir vurdert. Nestenulykker der ein får støkken i seg gjer at ein blir meir oppmerksom på same type risiko neste gong ein skal gjer det same arbeidet. Mens nesten ulykker som ikkje er framståande vil forsvinna i minnet.

Den tredje faktoren er media. Renn (2008, s.143) drøfter medias påverking av risikopersepsjon og skriv at på eine sida er det dei som meiner at forståinga av risiko kan bli påverka av det media formidlar. På den andre sida er det heller ikkje bevis for at media skapar meiningar om risiko. Slik at for det meste vil media bidra til å bekrefte dei haldningane folk allereie har. Media er ikkje nødvendigvis ein faktor som har så mykje å seie for risikopersepsjonen til bøndene. Det er teke med her fordi det først og fremst kunne vera interessant å høyra korleis respondentane sjølv opplev og blir påverka av det som blir skriva om i media. Likevel vil ikkje svara dei har nødvendigvis vera det som er mest gyldig fordi det kan også tenkast at dei blir påverka utan at dei er bevisst på at det skjer. Nokre av respondentane påpeiker at det vil koma ann på kva det er det gjeld, og om ein kan kjenna seg igjen i det sjølv, samt relatera til eigen drift. Med dette kan det argumenterast for at dei då plukkar ut og forstår informasjonen etter korleis dei sjølv har det, og at dette vil bidra til å bekrefte dei haldningane dei har, slik Renn (2008) påpeiker. Likevel seier også nokre av respondentane at media kan vera viktig for å formidla risikoar og farar. Fordi ein vil analysere det ut frå korleis ein har det og ein blir meir bevisst eigne rutinar, og korleis ein kan gjer det betre.


Den fjerde faktoren er kjelda til risikoen. På ein gard kan det vera mange av desse, men for bøndene er det enkelte risikokjelder som stikk seg ut. Dei er hovudsakleg handtering av dyr og maskiner. Dette stemmer også med tidlegare forskning (Follo et al., 2016, s.24-28). Førstnemnte er noko alle respondentane snakkar om, nokon meir enn andre. Renn (2008) presenterer ulike faktorar som kan påverke risikopersepsjonen, og det som kan ha noko å seie ovanfor handtering av dyr er kjennskap med risikoen. Dette handlar om at dersom ein er kjent med risikoen, vil ein vera betre forberedt, men dersom ein ikkje er kjent med den vil det vera meir frykta og blir derfor tillagt ein høgare risiko (Renn, 2008, s.107). Det at handtering av dyr blir tillagt ganske

høg risiko på garden verker til å henga saman med at dyra er uforutsigbare. På den eine sida er handtering av dyr noko alle bøndene er godt kjent med, og driv med kvar dag. Derfor kan ein sei at dei ofte er forberedt på kva som kan skje. Til dømes er det fleire av respondentane som alltid passar på å ha ein utveg når dei skal inni ein garde med stutar, i tillegg til at dei alltid er to personar i tilfelle noko skulle skje. Dei som har griser nemner også at det er viktig å væra roleg og ikkje laga høge lydar eller gjer brå bevegelsar som kan skremma dyra. Likevel kan det at dyra er uforutsigbare gjere at dei samtidig manglar kjennskap med risikoen. Dette kan knytast til nokre av kjenneteikna Slovic (2000, s.225) har med mangel på kjennskap med risikoen; risikoen er usynleg sidan dei ikkje kan væra sikre på korleis ei ku vil reagere. Vidare er risikoen og effekten ukjent for bøndene fordi det er vanskeleg å veta kva konsekvensane kan bli. Derfor blir risikoen opplevd som ganske høg ved handtering av dyr.

Handtering av maskinar var også noko fleire av respondentane snakka om. Informanten trakk fram utfordringar knyta til store maskinar og utstyr. Det er trongt og uoversiktleg og dei sitt ofte fleire timar i strekk på maskinen. Respondent E påpeiker at det er svære maskinar ein jobbar med. Etter intervjuet visar respondenten doffen (ei gjødselvogn) som står i maskinhuset for å illustrera kor lite oversikt ein har rundt den. Ti meter lang og svære hjul som kan køyra noko flatt utan at ein merkar det. Derfor kan respondentane knyta ein større risiko til arbeid med maskinar, og moglegvis spesielt i kombinasjon med at det er ungar som er ute å leiker, som hjå respondent E. Slovic (2000, s.224-225) påpeiker at frivilligheit og personleg kontroll kan påverka opplevinga av ein risiko. Handtering av maskinar kan seiast å væra ein frivillig aktivitet og er noko bøndene sjølv kontrollerer. Risikoen med denne type arbeid vil derfor kunna tenkast å ikkje bli tillagt så stor risiko. På ei anna side derimot vil det at det kan væra uoversiktleg og trongt, gjer at dei ikkje har like stor kontroll, og at risikoen derfor blir vurdert til å væra større. Som sett tidlegare kan noko av denne kontrollen gjennisast med at dersom barn er tilstades, kan dei væra med inni traktoren.

Alle desse faktorane kan påverke opplevinga av risiko i seg sjølv, men dei kan også gå inn i kvarandre og saman ha noko å seie for risikopersepsjonen. Respondent A tok opp handtering av dyr fleire gonger gjennom intervjuet, og dømet i figur 5 er basert på det som har blitt drøfta i avsnitta ovanfor og nokre av poenga til respondenten. Sirklane i figuren illustrerer enkelte

faktorar, med døme, som kan påverka risikopersepsjonen ved handtering av nykalva ku eller kvige



Figur 5: Faktorar som kan påverke risikopersepsjonen ved handtering av dyr

5.2.2 Risikovurdering

Så langt har det blitt sett nærmare på ulike faktorar som kan ha påverking på opplevinga av risiko i form av risikopersepsjon. Dette har også nær tilknytning til korleis ein vurderer risiko, fordi sjølve vurderinga vil koma ann på situasjonen og arbeidsoppgåva, som igjen vil vera påverka av blant anna det som har noko å seie for risikopersepsjonen. Til dømes kjennskap med risikoen, frykt, og kontroll. I “KSL-standard, HMS” er det krav til risikovurdering og “arbeidsmiljøloven krevjar at alle verksemdar skal kartlegga risikoen på arbeidsplassen” (KSL, 2016, s.3). I rettleieren står det at kjernen i risikovurderingar er tre sentrale spørsmål; “kva kan gå galt, kva kan gjerast for å forhindra dette, og kva kan gjerast for å redusera konsekvensane dersom det skjer” (KSL, 2016, s.3). Vidare ligg det ein link til eit skjema ein kan bruka for å gjer risikoanalysar før arbeidsoppgåvene (sjå vedlegg E).

Skjemaet for risikoanalysar i arbeidsoppgåver kan brukast i risikovurderingar. Det er ei side med fem kolonnar som skal fyllast ut. Dette skal gjerast før ei arbeidsoppgåve slik at ein kan kartlegga farane med arbeidet, kva som kan skje og kva ein kan gjera for å redusera risikoen. I enkelte organisasjonar er det vanleg å laga ei risikoanalyse av denne typen, mens i andre lagar dei ei heilheitleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), som beskrive i DSB sin rettleier (2014, s.15). Risikoanalysar kan derfor gjennomførast på mange ulike måtar alt etter behov. Vernerunden bøndene skal gjennomføra vil vera meir nærliggande til ei ROS-analyse, sidan dei skal vurdere risiko på heile garden. Fokuset i denne oppgåva er på risikovurderingane før ei arbeidsoppgåve. I følgje Aven et al. (2004, s.97) vil ei risikoanalyse gjer det mogleg å måla storleiken på farane og systemet si evne til å møte desse. Slik får ein eit underlag for ulike tiltak og løysningar som kan brukast for å forbetra sikkerheita. For bøndene vil ei risikoanalyse for sjølve arbeidsoppgåvene derfor vera nyttig. Som sett i kapittel 5.1 er det likevel her ei av utfordringane kjem inn, dokumentering. For det første har bøndene, som respondent E påpeiker, så mange ulike arbeidsoppgåver dei skal gjennom at det vil gå ut over tida dersom dei skal skriva ei analyse før kvar oppgåve. For det andre er ikkje bøndene ekspertar på risiko og risikoanalysar, og det kan vera vanskeleg å forstå korleis ein kan rangera sannsynlegheit og konsekvensar. I risikoanalysen til KSL, er det ingen forklaring på korleis ein skal gjer, og kva dei ulike begrepa betyr. Til dømes “sannsynlegheit for skade (1-5)” (sjå vedlegg E), har ikkje forklaring på kva tala 1-5 vil seie. Det er likevel viktig med risikoanalysene, fordi som Lunde (2014, s.27-28) påpeiker vil ein med ei risikoanalyse få eit overordna risikobilde, i dette tilfellet ovanfor arbeidsoppgåvene. Slik blir ein oppmerksam på alle farane med arbeidet og kva tiltak som kan redusera risikoen. Det vil også visa at lovverket følges og at det gjeres noko med sikkerheitsarbeidet. Sjølv om bøndene ikkje skriv ned risikoanalysar betyr det likevel ikkje at dei lar vær å vurdere risikoen før arbeidsoppgåver.

I datainnsamlinga kom det fram at til tross for lite dokumenterte risikovurderingar, gjer dei fleste respondentane ei vurdering både før og under arbeidsoppgåver. Spesielt arbeidsoppgåver som blir sett på som meir farlege, og ikkje vanleg rutinearbeid, som fjøsstell og fôring. Respondentane påpeiker at dei ofte tenker “kva kan skje no?” eller “dersom eg tek eit steg til, går eg inn i ein farleg situasjon då?”. Det er også dette som er litt av kjernen i risikovurdering i følge “KSL-standard, HMS”. I vanleg rutinearbeid vil dette ligge bak i hovudet, men i farlege

arbeidsoppgåver kjem det fram. Under alle intervjuar blei respondentane spurt om det hender dei fortsett arbeidet til tross for at dei ser det kan vera farleg. Dette var noko alle svara ja på, og begrunna med at jobben uansett må gjerast, også må ein berre sikra seg så godt som mogleg. I slike situasjonar vil dei som oftast vurdera risikoen fortløpande og gjer tiltak dersom dei ser at det vil vera for stor risiko for sikkerheita. Tabell 3 i kapittel 4.2.1 visar tre døme som respondentane hadde under intervjuar der ein ser korleis dei vurderer risikoen og tilpassar seg deretter. I slike situasjonar kan det også vera forskjell på om bøndene aksepterer ein risiko eller ikkje. Som sett vil risikopersepsjon påverke korleis ein vurderer ein risiko og det som kan vera akseptabelt for ein person kan vera utolererbart for ein annan. Dei tre nivåa til Renn (2008, s.149) er om risikoen er akseptabel, tolererbar eller utolererbar. For bøndene kan rutinearbeid, som sett ovanfor, ha ein akseptabel risiko. Då gjennomfører dei aktiviteten utan å redusera risikoen, til dømes ved føring av dyra. Tolererbar risiko vil vera ei arbeidsoppgåve som har høgare risiko, men som ein likevel går vidare med dersom ein reduserer risikoen (Renn, 2008, s.149). Eit døme er når respondent B skal klippa ammekyrne sine. Desse står på båsar i fjøset, og når ein skal klippa dei må ein gå mellom dei for å koma til, noko som kan vera spesielt farleg fordi kua som står ved sida av den ein skal klippa kan setta bakenden til og sparka. På den eine sida kan ein kanskje seie at risikoen er utolererbar og at ein ikkje vil gå vidare med aktiviteten. For respondenten kan ein likevel på ei anna side seie at den er tolererbar. Det er ein jobb som må gjerast, men respondenten vurderer risikoen og moglegheitene sine og løyser det med å flytta ei og ei ku slik at det heile tida er ein ledig bås mellom respondenten og neste ku. Som sett i drøftinga om dilemma er dette eit tiltak som vil gå ut over effektiviteten i arbeidet fordi det vil ta mykje lengre tid å flytte ei og ei ku, men risikoen for å ikkje gjer det blir vurdert som så stor at det likevel er verdt det. Alt i alt ser ein derfor at bøndene vurderer risiko i praksis, men at utfordringa ligg i det å få dette ned på papiret, noko som også er nødvendig ovanfor lovverket og krava til bonden.

Måten respondentane vurderer risiko på har ikkje så veldig nær tilknytning til dei meir teoretiske risikoanalysane. Likevel kan ein sjå at bøndene vurderer arbeidsoppgåvene. Dagleg risiko og sårbarhetsvurdering (DagROS) er eit risikovurderingsverktøy som tek for seg kvar dagsrisiko og fokuserar på praktisk bruk av risikoanalysar (Braut et al., 2012). Dette er ein analyseform som kan egna seg for folk generelt og ikkje berre risikoekspertar. Derfor er det ei analyseform som

ligg mykje nærmare den vurderinga bøndene allereie gjer seg, og ein kan sjå nærmare på om dette er noko som eignar seg betre for bøndene. På ei side kan dette passa ganske bra. Det krev ingen tidlegare kunnskap om risikoanalysar. Ein kan gå direkte frå analysen til gjennomføring av arbeidsoppgåva, og den består av seks enkle trinn som bøndene også kan forstå. Dette er alle ting som ein ser bøndene allereie gjer, spesielt i farlege arbeidsoppgåver. Her treng dei ikkje tenka på teoretisk sannsynlegheit, noko som er utfordrande med risikoanalysen i KSL. Tabell 5 visar eit døme på DagROS-analyse av arbeidsoppgåva (Braut et al., 2012; Klepp kommune et al., u.å), som nemnt ovanfor med klipping av ammekyr. Analysen er moderert med utgangspunkt i dømet med ammekyr, men har fleire faktorar med enn det respondenten nemnte. Den er meint for å gje ein illustrasjon på korleis ein kan gjennomføra ei DagROS analyse, og ein bonde kunne kanskje hatt andre poeng.

| |
|---|
| <p>1. Kva aktivitet skal bli vurdert?</p> <p>Klipping av ammekyr</p> <p>Viktige opplysningar om aktiviteten:</p> <p>Utførar arbeidet aleine og er derfor sjølv ansvarleg for aktiviteten og tiltaka i punkt 4 og 5. Bruk av maskinclippar</p> |
| <p>2. Kva hendingar er vi redd for kan skje? Ingen hendingar er for store eller for små</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kua på andre side kan sparke <input checked="" type="checkbox"/> X - Straumledningen til maskinen kan bli skada/vikla seg inn i føtene på kua - Klippemaskinen kan skremma kua <input checked="" type="checkbox"/> X - Ein kan bli klemt mellom kua og innredningen - Dyra kan bli skremt av noko uforutsett |
| <p>3. Kva må og burde me gjera noko med? Marker hendingane i punkt to som bør følgast opp (X)</p> |
| <p>4. Kva bør gjerast for å redusera sannsynlegheita for at desse hendingane skal skje? Sett opp tiltaka og dei som er ansvarlige</p> <ul style="list-style-type: none"> - Flytta nabokua, slik at det er ein ledig bås mellom kyrne - Starta klippemaskinen før ein går opp til kua for å venda den til lyden - Begynna å klippa kua på halerota, der dei er mindre sensitive |
| <p>5. Kva bør gjerast for å redusera skaden dersom hendingane likevel skjer? Sett opp tiltaka og dei som er ansvarlige.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Være to personar - Gje beskjed til andre om kvar eg er, og kva som kan skje - Ha telefonen tilgjengeleg - Førstehjelpsskrin i nærleiken |
| <p>6. Etter aktiviteten, kva har ein lært?</p> <p>Gjekk heilt greitt, men dei andre kyrne var litt urolige, noko som smitta over på den som skulle klippast. Neste gong skal eg heller klippa på den tida dei brukar å kvila seg.</p> |

Tabell 5: DagROS-analyse for klipping av ammekyr

På ei anna side kan denne type analyse også ha utfordringar for bøndene. Dei må fortsatt dokumentera og få noko ned på papiret, og det kan henda at nokon bønder synest det er like tungvint. DagROS kan kanskje fungera betre, sidan det allereie ligg nærmare den risikovurderinga respondentane gjer, men det er likevel viktig å dokumentera det ein gjer. Derfor

vil det være viktig å finna ein gylden middelveg. Til dømes kan kanskje ein form for DagROS analyse fungera i enkelte arbeidsoppgåver, mens ei meir grundig og teoretisk risikoanalyse for garden kan gjennomførast i samråd med ein HMS-rådgjevar, til dømes på vernerunden.

Oppsummerande kan ein sjå at bøndene heile tida må ta val som kan ha både positive og negative konsekvensar for sikkerheita, og at det å tenka på risiko kan hjelpa bøndene å ta slike val. Risikopersepsjonen har betydning for korleis dei tenker på risiko, og som vist er det ulike faktorar som kan påverka dette. Alle bøndene er forskjellige, dei driv garden på sin eigen måte, og har egne erfaringar, derfor kan desse faktorane også påverka i ulik grad. Det som for ein person kanskje er ein stor risiko kan være ein liten risiko for ein annan person. Som sett vil også risikopersepsjonen påverka vurderinga av risiko og kva som blir akseptabelt eller tolererbart.

5.3 Kva er beredskap for bøndene?

Når det var snakk om sikkerheit og risiko på intervjua snakka respondentane mest om personskadar og ulykker. Då samtalen gjekk over på beredskap byrja dei også å snakka om brann, straumbrudd og liknande. Respondentane sine egne meiningar om kva god beredskap er hadde både likskapar og forskjellar. For nokon handla det mest om å halda orden på garden og veta kvar ein kan finna ting ein vil trenga i ein krisesituasjon. For andre handla det om å være tilgjengeleg, slik at produksjonen kan fortsetja sjølv om bonden blir midlertidig satt ut av spel. For nokon handlar det også om å tenka igjennom på førehand kva ein skal gjer dersom noko skulle skje, og driva førebygging. I dette ser ein at beredskap ikkje alltid er heilt det same for bøndene. Det er heller ikkje alle som prioriterer denne type arbeid. Derfor vil også beredskapsplanlegginga til bøndene være ulik, både mellom bøndene, men også i forhold til beredskapsplanlegging i andre system.

Beredskap handlar om å være forberedt på ulike situasjonar og blir ofte definert som “tiltak for å forebygga, begrensa eller handtera kriser og andre uønska hendelsar” (NOU 2000:24, 2000, s.20). Større organisasjonar jobbar ofte systematisk med dette, men det bør også være ein del av HMS arbeidet i mindre organisasjonar (Lunde, 2014, s.22), og derfor ein del av det bøndene burde jobba med. I “KSL-standard, HMS” er det eit eige kapittel som omhandlar beredskap, og

blir definert som; “ å ha tenkt gjennom korleis ein best kan handtera brann, personskadar, dødsulykke og andre ulykke som kan oppstå” (KSL, 2016, s.17). Som ein kan sjå er det litt forskjell i desse to definisjonane, i den første handlar det spesielt om tiltak mens i den andre handlar det om å ha tenkt gjennom korleis ein vil handtera noko. Når ein ser på det bøndene sjølv meiner er god beredskap får ein også eit innblikk i korleis beredskapsarbeidet er, og for bøndene kan sistnemnte definisjon derfor vera meir hensiktsmessig. Det dreier seg om ein liten organisasjon, og som oftast er det ein person som aleine skal gjennomføra beredskapsarbeidet.

Beredskapsplanlegging har som vist i teorikapitlet fire fasar. Første fase er etablering av risikoanalyse, dette har blitt nærmare drøfta i kapitel 5.2.2. KSL har ei liste for korleis ein kan utarbeida ein beredskapsplan (sjå vedlegg C). Lista består av sju punkter, og punkt nummer tre kan knytast opp til risikoanalyse. I tillegg listes det opp åtte situasjonar ein bør tenka igjennom, som til dømes brann, ulykke, sjukdom eller streik. Som oftast er det ikkje mange som skriv ned risikoanalysar, men som sett gjer dei seg risikovurderingar om arbeidet og på garden.

I beredskapsplanlegginga skal ein ta med seg dei identifiserte farane og område med større risiko, som ein har frå risikoanalysen, vidare for å utvikla ei beredskapsanalyse. Her vil ein i følge Lunde (2014, s.54) identifisera ambisjonane for beredskapen gjennom ytelsesrammer og ytelseskrav, samt kva ressursar ein har og kan bruka. Bøndene er kanskje ikkje dei som legg inn størst innsats i beredskapsanalyse, men ein kan tenka at ambisjonar for beredskap kan knytast til det dei tenker på som god beredskap. Slik at til dømes dei som er opptekne av at orden på garden er viktig, kan ha ambisjonar om å halda det i orden. Respondent A synes dette er viktig og nemnar at dersom noko elektrisk treng å fiksast så får respondenten tak i ein elektriskar som ordnar det. Dette visar også at respondenten har tenkt kva ressursar som kan brukast. I lista til KSL kan punkt fire, fem og seks tenkast å vera ei slags beredskapsanalyse. Punkt fire handlar om brann, fem om ulykker med personskade og seks om feil på levert vare. På kvar av punkta er det forslag til kva ein bør ha tenkt igjennom på førehand, som til dømes kven som skal varslast, kven som kan hjelpa, kven kan førstehjelp, og kva hjelpemiddel har ein. Dette vil vera å tenka igjennom kva ressursar ein kan bruka. For bøndene vil ikkje beredskapsarbeidet handla om å gjennomføre ei stor beredskapsanalyse. Fleire av respondentane har likevel delvis ein

beredskapsplan med liste over personar som kan kontaktast, og ein kan derfor seie at dei iallfall har tenkt litt igjennom ambisjonane og ressursar.

I tredje fase vil ein ta med seg det ein har frå dei to første fasane og setta opp ein beredskapsplan. Dette skal være eit levande dokument ein kan bruka aktivt i ein beredskapssituasjon (Lunde, 2014; Engen et al., 2016). Her skal ein kunna finna informasjon om kva beredskap som trengst i ulike situasjonar, korleis ein skal etablera beredskapen og vidare kva ressursar ein kan bruka. For respondentane vil dette ofte være ein beredskapsplakat. Fleire nemnte at dei ikkje har ein utbrodert plan, men at dei har ein beredskapsplakat i driftsbygningane. Å laga ein slik plakat er ein del av det å laga ein beredskapsplan, i følgje krava til “KSL-standard, HMS”. Det første punktet i lista for utarbeiding av beredskapsplan (sjå vedlegg C), er å lage ei skisse over garden på ein slik plakat. Respondentane er generelt positive til denne plakaten og ser at den kan være veldig nyttig. Det er to av respondentane som ikkje har laga seg ein slik plakat, men dei er likevel positive til det. Grunnen til at dei ikkje har laga ser ut til å henga saman med interesse og prioritet. Respondent A nemner at ofte er det så mykje å gripa fatt i at det ein ikkje har like stor interesse for glir litt ut, og at ein kanskje ikkje ser vitsen med det før ein plutselig står i ein beredskapssituasjon. Denne plakaten skal eigentleg berre utgjere ein del av beredskapsplanen, men sidan det ofte berre er denne bøndene har nedskrive som ein plan, kan ein sjå nærmare på den.

Engen et al. (2016, s.292) presenterer seks punkter som er viktige og som kjenneteiknar ein god beredskapsplan som sett i figur 4. Som ein heil plan passar ikkje plakaten med alle desse punkta, men på ei anna side kan ein likevel sjå at fleire av punkta kan være kjenneteikn ein finn igjen i denne plakaten også. Det første punktet er at den skal være kortfatta, plakaten er over ei side og har likevel oversikt over viktige ting ein bør veta kvar ein kan finna, telefonnummer til personar som skal varslast og som kan bidra, i tillegg til ei kort liste over viktige rutinar. Ein kan derfor seie at den er kortfatta, men likevel har det viktigaste. Det andre punktet er at den skal være lett forståeleg. På den eine sida vil plakaten være oversiktleg, og dersom den i tillegg heng lett tilgjengeleg på ein sentral plass, kan ein raskt finne fram. Nokre av respondentane påpeiker også at ein kan ha det på engelsk i tillegg. På ei anna side kan det være litt meir utfordrande for ein person som ikkje kjenner garden å orientera seg på kartet, kanskje spesielt dersom det er teikna

for hand. Eller dersom det ikkje er teikna inn korleis rominndelinga i bygningane er. Og om plakaten ikkje heng på veggen, men ligg i ein perm kan det ta lengre tid å skulla leita den fram i tillegg. Det tredje punktet er at planen skal være designa for raskt utviklande hendingar. Dette er nok plakaten mindre egna til. Den har berre generell informasjon, og gjer ikkje mykje kunnskap som kan bidra når usikkerheit oppstår. Kor effektiv den er vil avhenga av korleis hendinga utviklar seg. Det fjerde punktet er tidspress, plakaten kan på den eine sida fungera under tidspress fordi ein raskt kan få oversikt og ta avgjersler. På ei anna side vil ikkje plakaten nødvendigvis ha all informasjon og det kan bli vanskelegare å ta enkelte avgjersler under tidspress. Det femte punktet er at det er viktig at ein kan evaluera og oppdatera planen. Dette er vanskeleg å gjer med plakaten, spesielt dersom det er ein av dei som har blitt laga i pleksiglas. Gjerest det til dømes endringar på garden er det vanskeleg å endra på den type plakat, litt lettare er det kanskje på ein av dei som bøndene har skissert for hand. Då kan ein til dømes setta eit kryss der ein har tatt vekk eller lagt til eit brannsløkkingsapparat eller liknande. Større endringar blir meir utfordrande å oppdatera og ein må kanskje laga ein ny plakat. Respondent B har nyleg bygga nytt fjøs på garden, dette gjer store endringar og respondenten skal derfor få ein heilt ny plakat i pleksiglas. Det sjette punktet handlar om beredskapsbevisstheit, og at alle kjenner si rolle og har eigarskap til planen. Dette kan gjerast med plakaten ved at bonden går igjennom den saman med familien og tilsette på garden. Dette var også noko respondentane meinte var viktig, fordi dei sjølv veit kvar alt er, men dersom dei ikkje er der burde også andre veta kvar ting er og kva dei skal gjera. Likevel krev det at dei har denne gjennomgangen jamleg. I tillegg er det vanskelegare å skapa denne bevisstheita ovanfor ressurspersonane som står på telefonlista.

Samanlagt kan ein ikkje sei at plakaten aleine er ein god nok beredskapsplan, noko den heller ikkje er meint å være. Likevel er det denne bøndene er mest opptekne av, og er sentral for det dei oppfattar som beredskap. Det vil sjølvsagt koma ann på kva hending som oppstår og korleis denne utviklar seg, men plakaten kan likevel være eit godt hjelpemiddel.


Siste fase i beredskapsplanlegginga er trening og øving. Perry og Lindell (2003, s.346) påpeiker at øvingar vil være ein test av dei planane, prosedyrane og ressursane ein har. Ein trekk lærdom frå verkelege hendingar eller dei ein øver på for så å oppdatera analysane og beredskapsplanen. For respondentane er det mest relevant med brannøvingar. Ingen av dei har hatt ei planlagd

øving, men har snakka med barna om kvar dei skal møtast og at ein ikkje må springa inn der det brenn. Respondent E held på å planlegga ein brannøving som alle på garden skal vera med på, og skal bruka gamle brannsløkkingsapparat i øvinga. For fleire av respondentane er også dyra ein viktig del, og dersom ein skal få til ei reell øving burde også dei inkluderast. Dette er likevel veldig utfordrande fordi det er omfattande å evakuera fleire dyr, samt reaksjonen til dyra vil vera annleis i ein ekte brann. Respondent B har likevel tenkt litt på dette og har hengande ei hekksaks ved brannsløkkingsapparatet i båsfjøset. På denne måten kan ein raskt klippa kyrne laust for evakuering. Ein del av trening og øving er å ta med seg lærdom frå hendingar ein har opplevd og respondentane F og G har opplevd både straumbrudd og vannbrudd, slik at dei har sett kva som trengst i slike situasjonar og korleis ting fungerer i ei faktisk hending.

Oppsummerande kan ein seie at bøndene er positive til beredskapsarbeid generelt. Kva dei sjølv tenker er god beredskap er litt forskjellig, men ein felles tanke når det gjeld beredskap er beredskapsplakaten. Derfor blir denne også sentral i beredskapsarbeidet.

5.4 Korleis opplev bonden sikkerheit og risiko, og korleis påverkar dette beredskapen på garden?

Så langt har forskingsspørsmåla bidrege til å belysa dei ulike delane av problemstillinga og gitt eit bilete av korleis bonden opplev sikkerheit, og risiko samt kva beredskap er for bonden. Her vil problemstillinga i si heilheit bli drøfta og svart på. Dette gjerest med å sjå på korleis resultatata frå drøftinga av forskingsspørsmåla kan påverka beredskapen på garden. Til slutt vil dette leda til konklusjonen ved prosjektet. Figur 6 oppsummerer forskingsspørsmåla og det som har blitt drøfta ovanfor.



Figur 6: Oppsummerande modell av forskingsspørsmåla.

I modellen ser ein kort oppsummert korleis bøndene kan oppleve sikkerheit på garden. Ut frå resultata i dette prosjektet kan ein seie at sikkerheita ikkje er første prioriteten til bøndene, men at dei likevel har det i bakhovudet i det praktiske arbeidet. Det kan argumenterast for at sikkerheitsarbeidet kan opplevast som ekstra arbeid i tillegg til det som allereie må gjerast. Dette ser ein i to av utfordringane, dokumentering og sikkerheitstiltak. Som fleire av respondentane nemnte er det eit inntrykk av at det som betyr noko for myndigheitene er dokumenteringa. Noko dei synes kan ta lang tid og er tungvint. Utfordringane med sikkerheit kan derfor bidra til å skapa eller forsterka dei meir negative haldningane bøndene har. Ein har også sett at bøndene synes sikkerheit og beredskap er viktig. Derfor bør ein styrka dei gode haldningane og gjera noko med

utfordringane. Både dokumentering av sikkerheit og sikkerheitstiltak er viktig, og ein må finna ein balansegang mellom krava og det som fungerer for bonden.

Det har også blitt sett nærmare på korleis bonden opplev risiko. Fleire av respondentane meiner risiko er ein del av kvardagen, og ikkje noko ein kan gå å tenka på heile tida. Som ein ser i figur 6 vil risikopersepsjon ha noko å seie for vurderingane, og om ein vel å fortsetta arbeidet eller gjer noko med risikoen. I praksis skil dei ofte mellom rutinearbeid og farlege arbeidsoppgåver, og det er ofte i sistnemnte at risiko kjem meir i fokus.

Beredskapen på garden kan seiast å bli påverka av det synet bonden har på sikkerheit og risiko. Det er som nemnt bonden som er ansvarleg for alt arbeid både med sikkerheit og beredskap, noko som i første omgang gjer at beredskap på ein gard ikkje er det same som beredskap i andre organisasjonar. Der ein til dømes har eigne team som jobbar berre med dette. Bonden skal gjennom mange arbeidsoppgåver, og haldningane deira vil kunne ha noko å seie for kor høgt beredskapsarbeidet blir prioritert. Respondentane synes beredskap er viktig, og meinte det skapar bevisstheit ovanfor sikkerheita. For å få eit større fokus påpeika fleire at det må opplevast frivillig, og den eine respondenten sa det kan vær lurt å ha litt kort informasjon om beredskap på ulike møter.

Utfordringa med dokumentering er ein faktor som kan påverka beredskapen på garden. Dette blir ofte nedprioritert og derfor har ikkje bøndene heller ein detaljert beredskapsplan. Som respondent A påpeiker vil ikkje ein beredskapsplan som ligg i ein perm vera like tilgjengeleg for andre som kjem til gards. Beredskapsplakaten derimot er enklare å få til, det krev ikkje så mykje tid å laga den og den kan hengast synleg for alle. Denne er også alle respondentane positive til og dei ser nytta av den. Nesten alle har laga seg ein eller fleire plakatar som er plassert rundt i bygningane. Dette er ein form for plan som fungerer i det praktiske noko som kan gjera at haldningane er meir positive til denne type dokumentering. Som sett forstår respondentane intensjonen med all dokumentering, og dersom ein kan bygga vidare på å få det til å passa inn i praksis slik som beredskapsplakaten, kan det moglegvis forbetra haldningane meir. Til dømes kan det kanskje fungera betre med DagROS-analyser i staden for dei meir teoretiske analysane.

Ved å utføra fleire dokumenterte risikoanalysar vil ein auka fokus og kunnskap både ovanfor dei praktiske risikovurderingane og ovanfor beredskap.

Opplevinga av risiko kan også påverke beredskapen ved kva dei har beredskap for. Her kan både risikopersepsjon og risikovurderingane ha noko å seie for kva som er viktigast for bonden. Eit døme som visar dette er frå respondent F og G som har erfart at eit lite kutt kan skapa store problem. Respondent G kutta seg i foten på noko i innredninga i fjøset, kuttet i seg sjølv var ikkje så alvorleg, men respondenten fekk infeksjon med gule stafylokokkar i såret, og blei satt ut av spel over lengre tid. Dette er ei erfaring som gjer at i ettertid kan dette seiast å bli vurdert som meir sannsynleg fordi det ligg meir tilgjengeleg i minnet. Det har derfor også påverka beredskapen på garden med at dei har oppdatert førstehjelpsskapa i fjøset med fyselin salve, som dei raskt kan reinsa sår med. Slike erfaringar kan i ulik grad forbetra beredskapen på garden, og dersom ein kan gjera bøndene meir oppmerksame på dette kan ein kanskje i større grad setta meir fokus på korleis ein enkelt kan tenka beredskap og gjer noko for å forbetra den.

Eit anna døme som visar korleis opplevinga av risiko kan påverke kva bøndene har beredskap for er frå dei som har barn. Som sett vil frykta for at noko skal skje med barna gjer at ein vurderer denne risikoen som høg. Dette vil gjer at dei har betre beredskap i form av førebyggjande tiltak for at barna skal vera tryggare. Til dømes har respondent E eit lukka område i hagen der barna kan leika utan å være i fare for blant anna påkøyrrel av maskinar.

Oppsummert kan ein til slutt seie at bøndenes opplevingar med sikkerheit og risiko derfor vil ha noko å seie for beredskapen på garden. Her vil faktorar som blant anna utfordringar, erfaring, arbeidsoppgåver, samt familie og tilsette påverke beredskapen på garden i ulik grad. Familie og barn kan som sett gjer at dei vil ha eit større fokus på sikkerheit og ynsker å forbetra beredskapen. Eller travle dagar og mindre interesse for denne type arbeid kan gjera at beredskapen er svekka. Også opplevinga av korleis ein kan gjennomføra arbeid med sikkerheit og beredskap kan som sett ha mykje å seie.

5.4.1 Konklusjon

Konklusjonen i prosjektet er at beredskapen på garden blir påverka av den opplevinga bøndene har med sikkerheit og risiko, og at det derfor er viktig å fokusera på haldningane bøndene har. Det kan seiast at haldningane og opplevingane kan påverka kva bøndene har beredskap for, samt graden av fokus og prioritet beredskapsarbeidet får. På gardane er det praktiske arbeidet ein stor del av kvardagen. Derfor vil også det arbeidet bøndene allereie gjer med sikkerheit og beredskap føregå i praksis. Dette er noko ein bør bygga vidare på. Slik kan ein setja meir fokus på det, forbetra dei positive haldningane og forhåpentlegvis redusera utfordringane.

Vidare forskning:

Noko som kan vera interessant for vidare forskning, er å gå djupare inn i utfordringane som her har blitt identifisert. For å undersøka korleis arbeid med sikkerheit og beredskap kan forbetrast. Etter kvart som fleire lokallag rundt i Noreg har arrangert “Tryggare saman”, kan det også vera interessant å gjera ei større undersøking av bønder som har delteke på dette, og dei som ikkje har delteke. Slik kan ein få meir kunnskap om beredskapsarbeid på gardane.

6.0 Referanseliste

- Aas, O., Haugen, M., Rian, P. O., Svendsen, K., Løvås, G., Slåstad, S., Vikan, J. G., Heiberg, A. M., Hilt, B. (2011). *Skadefri bonde. En undersøkelse om forekomst av personskader i landbruket, årsaker og muligheter for forebygging*. Henta frå http://www.lhms.no/filer/dokumenter/skadefri_bonde.pdf
- Aven, T. (2006). *Pålitelighets- og risikoanalyse* (4. utg. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Aven, T., Boyesen, M., Njå, O., Olsen, K. H., & Sandve, K. (2004). *Samfunnssikkerhet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bartnes, L. P. (u.å). Styrket lokal krisehåndtering - økt trygghet for lokalsamfunnet. Henta frå: <http://www.tryggeresammen.no/om-prosjektet/>
- Blaikie, N. (2010). *Designing social research : the logic of anticipation* (2. utg. ed.). Cambridge: Polity Press.
- Boyesen, M. (2003). Risikopersepsjon – en innføring i fagfeltet. *Rogalandforskning*, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap.
- Braut, G.S., Rake, E.L., Aanestad, R. & Njå, O. (2012). Risk images as a basis for two categories of decisions. *Risk management: An international Journal*, 14, 60-76. I kompendium (2016): Risiko og sårbarhetsanalyser. Beredskapsmessige hensyn i planlegging.
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap [DSB]. (2014). Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen. Henta frå: <http://www.dsbinfo.no/DSBno/2014/Tema/veiledertilhelhetligrisikoogsraerbarhetsanalyseikommunen/>

- Engen, O. A., Kruke, B. I., Lindøe, P., Olsen, K. H., Olsen, O. E., & Pettersen, K. A. (2016). *Perspektiver på samfunnssikkerhet*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Follo, G., Aas, O., Almås, R., Holte, K.A., Kjestveit, K., Logstein, B. & Storstad, O. (2016). Ikke en bonde å miste, om ulykker og arbeidsevne i landbruket. Henta frå <http://www.bygdeforskning.no/download.php?filid=157bebc60939a1->
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen Fagbokforlag.
- Internkontrollforskriften. (1996). *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter*. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-12-06-1127>
- Jacobsen, D. I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (2. utg. ed.). Kristiansand: Høyskoleforl.
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg. ed.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Kahneman, D., Tversky, A., & Slovic, P. (1982). *Judgment under uncertainty: heuristics and biases*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Klepp kommune, Sosial- og helsedirektoratet, & Direktoratet for sivilt beredskap. (u.å). Bruk DagROS! - et enkelt verktøy for å håndtere risiko i hverdagen. Henta frå: <http://www.rogbr.no/Skjemaer%20og%20meldinger/Dagros.pdf>
- Kvalitetssystem i landbruket, [KSL]. (2016). Veileder. 2- Helse, miljø og sikkerhet (HMS). Henta frå: <http://www.matmerk.no/no/ksl/ksl-standarder/ksl-standarder-bokmaal>
- Legg, S., Olsen, K., Laird, I., & Hasle, P. (2015). Managing safety in small and medium enterprises. *Safety science*, vol 71, part C, 189-196.

Lunde, I. K. (2014). *Praktisk krise- og beredskapsledelse*. Universitetsforlaget

Lusæter, E. & Sponberg, O. M. (2016, 30.08). Nå skal Norges farligste yrke undersøkes. *NRK*.

Henta frå: <https://www.nrk.no/ho/na-skal-norges-farligste-yrke-undersokes-1.13103730>

Landbruksdirektoratet. (2017, 13.01). Kva er landbruksdirektoratet? Henta frå:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/om-landbruksdirektoratet/virksomhet/kva-er-landbruksdirektoratet>

Landbruksdirektoratet. (u.å.,a). Sikkerhetskultur, arbeidshelse og ulykker i norsk landbruk.

Henta frå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/forskningsmidler/fou-prosjekter/annet/sikkerhetskultur-arbeidshelse-og-ulykker-i-norsk-landbruk>

Landbruksdirektoratet. (u.å.,b). Antall jordbruksforetak som mottar produksjonstilskudd. Henta

frå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/statistikk/utvikling/jordbruksforetak>

Landbruksdirektoratet. (u.å.,c). Antall husdyr. Henta

frå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/statistikk/utvikling/antall-dyr>

Matmerk. (u.å.). Om Matmerk. Henta frå: <http://www.matmerk.no/no/matmerk/ommatmerk>

Norsk Landbruksrådgivning. (2017, 08.05). Om oss. Henta frå: <https://www.nlr.no/om-oss/>

NOU 2000:24. (2000). *Et sårbart samfunn. Utfordringer for sikkerhets- og beredskapsarbeidet i samfunnet*. Oslo: Justis- og beredskapsdepartementet.

Norges Bondelag. (u.å.,a). Bondelaget mener. Henta frå: <https://www.bondelaget.no/vimener/>

Norges Bondelag. (u.å.,b). Tryggere sammen. Slik organiserer du samlingene. Henta frå:

<http://www.tryggeresammen.no/skal-du-holde-samling/>

Nærings- og handelsdepartementet. (2012). Små bedrifter - store verdier. Regjeringens strategi for små og mellomstore bedrifter. Henta frå

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/NHD/Vedlegg/Rapporter_2012/102377_NHD_SMB_Web.pdf

Olsen, O. E., Kruke, B. I., & Hovden, J. (2007). Societal Safety: Concept, Borders and Dilemmas. *Journal of Contingencies and Crisis Management*, 15(2), 69-79.

Perry, R. W., & Lindell, M. (2003). Preparedness for emergency response: Guidelines for the emergency planning process. *Disasters*, 27(4), 336-350

Reason, J. (1997). *Managing the risks of organizational accidents*. Aldershot: Ashgate.

Renn, O. (2008). *Risk governance: coping with uncertainty in a complex world*. London: Earthscan.

Slovic, P. (2000). *The perception of risk*. London: Earthscan.

Slovic, P., & Weber, E. U. (2002). Perception of risk posed by extreme events. *Regulation of Toxic Substances and Hazardous Waste* (2. Utg. ed). (Applegate, Gabba, Laitos, and Sachs, Editors), Foundation Press, Forthcoming. Henta frå:

https://papers.ssrn.com/sol3/papers.cfm?abstract_id=2293086

Store norske leksikon. (2015, 13.10). Landbrukssamvirket. Henta frå:

<https://snl.no/landbrukssamvirket>

Storstad, O., Holte, K. A., & Aas, O. (2013). *Ulykker og arbeidsmiljø i landbruket. Et første overblikk over sentrale HMS-forhold*. Trondheim. Henta frå: <http://www.bygdeforskning.no/download.php?filid=152cd492b69ea6->

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitativ metode* (4. utg. ed.). Bergen: Fagbokforlaget.

Thorsnæs, G. (2014, 15.09). Jæren. Henta frå: <https://snl.no/J%C3%A6ren>

Thorud, L. (2017, 12.03). Om oss, vi bidrar til å gjøre Norges viktigste jobb tryggere. Henta frå: <https://hms.nlr.no/om-oss/>

Witsø, F. (2014, 21.11). Stor suksess med forenklet HMS. Henta frå <http://www.matmerk.no/no/ksl/aktuelt/stor-suksess-med-forenklet-hms>

7.0 Vedlegg

Vedlegg A: Intervjuguide respondentar

Forskars bakgrunn, litt om prosjektet og intervjuet

Bakgrunn

Kan du fortelja litt om deg sjølv, og kvifor du blei bonde?

- Kor lenge har du drive garden?
- Kva produksjon driv du?

Sikkerhet

Kva er sikkerhet for deg?

- Er det noko du ofte tenker på/tenker igjennom?
- Er det utfordringar med sikkerhet i arbeidet på gården?

Kva synes du om HMS arbeid/HMS standard?

- Å følga dette, påvirker det friheten til å organisera arbeidet slik du vil?
- Utfordringar i praksis?

Opplev du nokon gong å stå ovanfor sikkerheits dilemma i arbeidet på garden? Som til dømes at eit sikkerheitstiltak kan gå utover effektiviteten i arbeidet eller omvendt.

Risiko

Kva betyr risiko for deg?

- Kva reknar du som dei største risikoane for sikkerheita i arbeidet ditt?
- Korleis forholder du deg til risikoane?

Kva uønskt hending er du mest redd for skal inntreffe på garden, er det noko du frykter meir enn anna?

- Eksempel?
- Korleis ville du handtert ei slik hending?
- Kva trur du at dykk er mest sårbar for?

Hender det at du fortsett arbeidet til tross for at det er farleg?

- Dersom ja, kvifor?
- (Justerer du arbeidsoppgåva slik at risikoen blir mindre?)

Har du opplevd ei hending/ulykke som har påverka arbeidet og dei vurderingane du tek?

- Dersom ja, har du gjort nye tiltak
- Dersom nei, trur du det hadde påverka arbeidet og vurderingar?

Blir du meir oppmerksam på ein type risiko eller fare dersom du har lest om det i media eller om naboar eller kjente har opplevd ei uønskt hending?

Beredskap

Kva tenker du om beredskapsarbeid (på garden)?

- Kva er god beredskap for deg?

Har du ein beredskapsplan?

- Dersom ja, korleis gjekk du fram når du laga den?
- Har du opplevd ein situasjon der du har/kunne hatt brukt for den? Der den har/kunne ha kome til nytte?
- (Dersom nei, kvifor?)

Har du nokon gong hatt ein øving på garden?

- Td. brannøving med familie/ansatte?

Trur du meir fokus på beredskapsarbeid kan bidra til å førebyggja ulykker i landbruket?

Kva trur du må til for at det skal bli eit større fokus på sikkerheit og beredskap?

Til slutt

Har du noko du vil tilføya som me ikkje har snakka om?

Vedlegg B: Intervjuguide HMS- rådgjevar

Forskars bakgrunn, litt om prosjektet og intervjuet

Bakgrunn

Kan du fortelja litt om

- Din bakgrunn
- Din organisasjon og kva dykk driv med?
- Kva er sentrale arbeidsoppgåver?

Sikkerheit

Trur du bøndene tenker mykje på sikkerheit?

Kva trur du er dei største utfordringane for bøndene når det gjeld sikkerheit på garden?

Korleis føregår ein rådgjevings time når du er på garden til bonden?

Risiko

Kva betyr risiko for deg, ift. landbruket?

- Kva reknar du som dei største risikoane for sikkerheita til bonden og andre på garden?
- Opplev du at noko blir frykta meir enn andre ting?

Kva trur du kan ha påverknad på korleis bonden vurderer risiko?

- Egne erfaringar, naboar og kjente, eller media?

Beredskap

Korleis opplev du haldningane bøndene generelt har til HMS og beredskapsarbeid på garden?

- Kva trur du må til for at det skal bli eit større fokus på HMS og beredskap?

Korleis hjelp dykk bonden med å kartlegga utfordringar og utarbeida ein beredskapsplan?

Kva utfordringar opplev du i rådgjevinga med bonden?

Har dykk øvingar og evaluering med bonden?

Trur du at meir fokus på beredskapsarbeid kan ha ein positiv påverking på sikkerheita til bøndene?

- Korleis kan ein auka fokuset på beredskap?

Til slutt

Har du noko anna å tilføya?

Vedlegg C: KSL, Utarbeiding av beredskapsplan

Link til originaldokument: <http://www.matmerk.no/cms/files/2713/utarbeidelse-av-beredskapsplan.pdf>

Utarbeidelse av beredskapsplan.

Formålet med en god beredskapsplan er å sikre at alle involverte har en klar forståelse for hva som skal gjøres dersom en krise oppstår.

1. Lag en skisse over området på en beredskapsplakat (bestilles fra KSL). Tegn inn alle bygninger og alt som kan påvirke arbeidet i en nødsituasjon, slik som stoppekraner, olje/gass, sikringskap osv.
2. Lag en beskrivelse for hvordan og når du skal kontrollere forskjellige ting i bedriften (rutinebeskrivelse).
 - a. Brannvarsling (se veileder i KSL)
 - b. Brannslukkere (se veileder i KSL)
 - c. Intern el-kontroll (skjema for egenkontroll i KSL)
 - d. Annet teknisk utstyr og maskiner
3. Foreta en vurdering av gården med fokus på hva som kan gå galt (risikovurdering). Tenk på: hva gjør jeg hvis ...?
 - a. Brann
 - b. Ulykker
 - c. Fysiske ødeleggelser som følge av f.eks. vær/storm/flom
 - d. Strømprudd
 - e. Mangel på- eller forurensing av vann
 - f. Mangel på- eller forurenset/bedervet fôr/mat
 - g. Sykdom, både egen og hos eventuelle ansatte
 - h. Streiker som kan påvirke drifta. F.eks. transportstreik etc.
4. Ved Brann:
 - a. Sikre personer, oversikt – er det avtalt fast møtepunkt?
 - b. Varsle, den som oppdager varsler brannvesen, andre som skal varsles?
 - c. Hvem er tilgjengelig for hjelp?
 - d. Hvilke andre hjelpemiddel finnes? Vannkilder, redskap for åpning av dører, evakuering av dyr osv.
 - e. Oversikt over hva som finnes av farlige ting i bygning (ref.: beredskapsplakat)
5. Ved ulykker med personskade:

- a. Vurder alvorlighetsgrad
 - b. Ved alvorlig skade, ring 113
 - c. Hvem har førstehjelpskompetanse på stedet?
 - d. Andre som skal kontaktes? Pårørende, politi, arbeidstilsyn? Ved skade på avløser, kontakt avløserlaget, de har egen rutine for oppfølging.
 - e. Videre arbeid?
6. Ved feil på levert vare (eller mistanke om feil)
- a. Hvem varsler?
 - b. Hvem skal varsles? (F.eks. ved antibiotikamelk på tanken, for tidlig høsting etter sprøyting, e.l.) Viktig å ha en oversikt over hvor varer er levert.
7. Er det spesielle hendelser eller situasjoner som krever ekstra sikkerhet (ut over det som er nevnt i punkt 3)?

Vedlegg D: KSL, Beredskapsplakat

Link til originaldokument: <http://www.matmerk.no/cms/files/427>

BEREDSKAP




Gårdsnavn: _____

Bruker(e): _____

Telefon: _____


Driftsbygning



Lag skisse over driftsbygningen. Marker følgende punkter på skissen:

- 1 Sikringsskap
- 2 Inntakssikringer
- 3 Stoppekran
- 4 Brannslukningsutstyr
- 5 Betjeningspanel brannalarm
- 6 Førstehjelpsutstyr
- 7 Personlig verneutstyr
- 8 Gass/propan
- 9 Plantevernmidler
- 10 Oljefat
- 11 Handelsgjødsellager
- 12
- 13
- 14
- 15

Tunmedbygninger



Tegn gårdstun med bygninger. Marker følgende på skissen:

- 1 Drivstofftanker
- 2 Vannledninger
- 3 Strømkabler
- 4
- 5

Viktige telefonnumre

| | | | |
|---------------------------|-------------|-------------------|-------|
| Brann | 110 | Nabokontakt: | _____ |
| Politi | 112 | Avløserlag: | _____ |
| Ambulanse | 113 | Elektriker: | _____ |
| Giftinformasjon: | 22 59 13 00 | Rørlegger: | _____ |
| Nødslakt: | | Melketankservice: | _____ |
| Landbrukets HMS-tjeneste: | | | _____ |

VIKTIGE RUTINER

BRANN: Kontakt brannvesenet umiddelbart. Hold vinduer og dører lukket. Vurder om det er forsvarlig å gå inn og slukke. Tilkall slakteri og naboer for å evakuere dyra.

STRØMSTANS: Sjekk jordfeilbryter. Ha alltid reservesikringer på lager. Beskriv muligheten for nødventilasjon.

GJØDSELGASS: Vær oppmerksom ved omrøring eller tømning av gjødselkjeller. Gå ikke inn i husdyrrom ved mistanke om gjødselgass.

SILOGASS: Bruk alltid silovifte før du går ned i siloen. Faren for gass er tilstede lenge etter at graset er stabilt.

Vedlegg E: KSL, Skjema for risikoanalyse arbeidsoppgåver

Link til originaldokument: <http://www.matmerk.no/no/ksl/ny-ksl-verktoey/hms>



Risikoanalyse arbeidsoppgåver

| |
|-----------------|
| Arbeidsoppgåve: |
| Vurdert av: |

| KSL-standard 2 | | | | |
|------------------------------------|-----------------------------------|--|-----------------------------|--|
| (A) Farekilder/identifisert risiko | (B) Sannsynlighet for skade (1-5) | (C) Konsekvens av skade, Hva kan skje? (1-5) | Viktighet/prioritet (B x C) | Hva kan gjøres for å redusere konsekvensene? Forebyggende tiltak |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |